

Økonomiplan for 2026 — 2029

Gloppen kommune

Handlings- og økonomiplan for 2026 til 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg per 06.11.2025



Foto: Dina Rygg Eide

Introduksjon

[Veiledning - lese og forstå ein kommunal økonomiplan](#) →

[Politiske spørsmål og svar](#) →

Grafikk og nøkkeltal

[Driftsramme for 2026](#) →

[Investeringar i 2026](#) →

Sentrale kapittel

Kommunedirektøren si innleiing	→
Hovudpremissane som ligg til grunn for økonomiplanen	→
Kommunedirektøren si tilråding til vedtak	→
Finansielle måltal - historikk og utvikling	→
Budsjettvedtak	→
Folketalsutvikling	→
Investeringar i økonomiplanen	→

Sjå mindre ↗

Kommunen sine tenesteområde

Formannskapet	→
Oppvekst	→
Helse og velferd	→
Samfunn og berekraft	→
Fellespostar utanom kommunalområda	→

Introduksjon

Veiledning - lese og forstå ein kommunal økonomiplan

I dette kapittelet vert det gjort kort greie for prosessen med å utarbeide ein økonomiplan, informasjon om strukturelle endringar som er gjort i dokumentet, og informasjon om korleis ein økonomiplan kan forståast. I tillegg er det lagt inn nokre forklaringar på nokre omgrep som vert nytta i økonomiplanen.

Hovudstega i arbeidet med økonomiplanen:

1. Utarbeide det konsekvensjusterte driftsbudsjettet for 2026.
2. Framskrive det konsekvensjusterte driftsbudsjettet for 2026 til resten av planperioden
3. Estimere og synleggjere store postar som er venta å svinge gjennom økonomiplanperioden (rentekostnader, avskrivning, utbytte, utbetaling frå Havbruksfondet mm.)
4. Kartlegge nye investeringsbehov, justere vedtekne investeringar i økonomiplanen og gruppere, kategorisere og prioritere behov
5. Det er også i år lagt opp ein streng praksis for innspel av ønskte tiltak. Som følgje av dette, er det berre eit fåtal ønskte innspel som vert lagt inn i økonomiplanen

Kva betyr tiltakskodane?

- ADM – administrative innsparingstiltak (påverkar ikkje innbyggjarane våre vesentleg, ligg til administrasjonen å jobbe med)
- POL – politiske tiltak/innsparingstiltak (påverkar innbyggjarane våre og krev politisk handsaming/prioritering)
- POL/KONS – tidlegare vedtekne tiltak som ikkje er iverksette. Inngår i den konsekvensjusterte økonomiplanen
- KONS – postar som er forventa å svinge i økonomiplanperioden (renter, Havbruksfondet etc.) men som inngår i den konsekvensjusterte økonomiplanen

Kva betyr ein vedteken økonomiplan? Skal alt gjennomførast?

- Tiltak som treff i 2026 = Vedtatt økonomiplan betyr at tiltaket skal settast i verk (iverksettingsvedtak). Disse tiltaka er forsøkt greidd ut etter "godt nok" prinsippet.
- Tiltak som treff i perioden 2027-2029 = Vedtatt økonomiplan gjev retning for vidare utgreiing (retningsvedtak).

Illustrasjon:

Iverksettingsvedtak		Retningsvedtak		
		POL/KONS – Tidlegare politiske tiltak / innsparingstiltak som ikkje er iverksette		
		POL – Nye politiske tiltak / innsparingstiltak (eks. «POL – Redusere/fjerne tenestetilbod XYZ»)		
		ADM – Adm.innsparingstiltak (eks. «ADM – Administrative innsparingstiltak på formannskapsrådet») år 2-4		
		KONS – Postar som er forventa å variere gjennom økonomiplanperioden (eks. «KONS – Utbetaling frå Havbruksfondet»)		
Konsekvensjustert detaljbudsjett 2026 inkl. administrative innsparingar som kan realiserast i 2026 (år 1), samt iverksette tidlegare vedteke tiltak		Framskrivning av konsekvensjustert budsjett 2026	Framskrivning av konsekvensjustert budsjett 2026	Framskrivning av konsekvensjustert budsjett 2026
år 1		år 2	år 3	år 4

Forklaring av omgrep som vert nytta i økonomiplanen:

Konsekvensjustert budsjett/økonomiplan

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad syne konsekvensane av å oppretthalde aktivitetane/tenestene/tenestenivået vi har i dag, justert for venta prisvekst/lønsvekst/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden, så langt dette let seg gjere, inkluderast i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal med andre ord syne budsjettmessig konsekvens av noverande kurs, og gje kommunestyret naudsynt grunnlag til å prioritere annleis.

Budsjettarbeid inneber at ein må handtere fleire usikre faktorar, og kommunedirektøren har lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekte vurderingar av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane for vurderingane skal vere synlege, slik at det i størst mogleg grad vert vist kva handlingsrom er innanfor dei ulike sektorane. Det skal også vere synleg kvar ein finn dei største usikkerheitsmomenta.

Avdrag

I kommunal sektor ser vi avskrivningane som er gjort i driftsrekneskapen, men dei får ikkje effekt for driftsresultatet. Derimot vert avdrag på lån ført som ein kostnad i driftsrekneskapen. Gloppen kommune lånefinansierer det aller meste av investeringane i anleggsmidlar som kan avskrivas. For å sikre at verdiane til kommunen ikkje minkar, er det etablert ein praksis med at avdraga skal betalast i takt med avskrivningane på anleggsmidlane. Ved å halde fast på dette vil berekna minimumsavdrag verte tilnærma lik faktisk betalte avdrag ved årsavslutninga kvart år.

Størrelsen på låneopptak

Gloppen kommune vil gjennom økonomiplanen ha ei auke i langsiktig gjeld. Sjølv om det ikkje er lagt inn nokre store enkeltinvesteringar er det slik at summen av investeringane som ligg i planen overgår avdraga, og då vil venteleg den langsiktige gjelda også auke. Det er fleire investeringar vi veit vil kome i perioden utover denne økonomiplanperioden. Nytt reinseanlegg på VA-området kan nemnast særskilt. Det vil truleg verte behov for oppgraderingar i skulebygg, og vi ser det naudsynt å løfte blikket i møte med framtidig behov for kommunalt bu-tilbod med bemanning. Dette vil sannsynlegvis medføre investeringar.

Kommunelova

I kapittel 14 i Lov om kommuner og fylkeskommuner ([kommunelova](#)) finn ein føresegnene for økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, finansforvaltning og rapportering.

Kommunale resultatomgrep

Bruken av ulike mål på kommunalt rekneskapsresultat kan forvirre. I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar vert begrepet "rekneskapsmessig meir- og mindreforbruk" omtalt, medan det i den obligatoriske hovudoversikten over drifta i kommunen er innført omgrepa "brutto-" og "netto driftsresultat". Nedanfor vert desse og andre resultatformuleringar omtalt.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter, der driftsutgiftene også inkluderer avskrivningar. Dette er såleis eit mål på om driftsinntektene til kommunen over tid held tritt med driftsutgiftene. Eit positivt brutto driftsresultat vil vere nødvendig dersom finansutgiftene (renteutgifter og avdrag) er større enn finansinntektene (renteinntekter og utbytte). Omgrepet blir relativt lite nytta.

Korrigert netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. Dette resultatet kjem fram som ein differanse mellom driftsinntekter, driftsutgifter og netto finansutgifter. Resultateffekten av avskrivningane er her eliminert. Om kommunen har halde seg innanfor budsjettet er derimot ikkje eit tema for dette omgrepet. Eit positivt netto driftsresultat er ei forutsetning for å kunne eigenfinansiere investeringar (reducere nye låneopptak) og bygge opp disposisjonsfond (etablere bufferar). Ei svakheit ved netto driftsresultat er at det ikkje gir eit godt nok bilde av den meir langsiktige økonomiske utviklinga i ein kommune. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil for eksempel påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag, og ikkje avskrivningar inngår i resultatbegrepet, slik at det ikkje blir teke nok omsyn til kapitalslitet. Ein annan ting er at avsetningar til bundne fond (øyremerka formål) vil bidra til eit positivt netto driftsresultat i det året pengane vert sette av i rekneskapen, men vil svekke netto driftsresultat tilsvarande når midlane skal brukast i drifta seinare år. Endringar i pensjonspremieavvik og dekning av tidlegare års underskot vil også påverke driftsresultatet, utan at dette bidrar til å gi eit bilde på den reelle økonomiske situasjonen i det aktuelle rekneskapsåret.

Gloppen kommune nyttar korrigert netto driftsresultat som omgrep. Dette tilsvarar bruk/avsetning til disposisjonsfondet, og eliminerar soleis utfordringa med bruk/avsetning til bundne driftsfond som omtala ovanfor.

Premieavvik og pensjon

Pensjonskassene bereknar ein premie som skal innbetalast med utgangspunkt i reglar og kriteria gitt av Finanstilsynet. For å berekne storleiken kommunen skal kostnadsføre i rekneskapen, er det reglar gjevne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld. Dersom innbetalt premie er høgare enn tillate kostnadsnivå, må kommunane inntektsføre mellomverande, *premieavviket*, i rekneskapsåret. Er kostnaden høgare enn premien, vert premieavviket behandla som over, men med motsett fortegn. Balanseført, akkumulert premieavvik skal inntekts- eller kostnadsførast over anten 1 eller 7 år. Gloppen kommune har 7 års amortisering.

Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar

Det overordna målet med inntektssystemet er å jamne ut føresetnadane til kommunane for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordelinga av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle skilnader i kostnader i kommunen (utgiftsutjamning) og forskjellar i skatteinntektene (skatteutjamning eller inntektsutjamning). Skatt og rammetilskot er kommunen sine frie inntekter.

Skatteinntektene til kommunane er andel av innbyggjarane sin innbetalte skatt på formue og inntekt. Innbetalt skatt blir fordelt til kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Også når det gjeld skatteinntektene er det ei ordning i inntektssystemet som delvis tek i vare at kommunane har ulik skatteinntekt pr. innbyggjar. 10 gongar årleg vert det utrekna ei gjennomsnittleg inntekt pr. innbyggjar for landet totalt og pr. kommune. Kommunar som har skatteinntekter utover landsgjennomsnittet får eit trekk som blir brukt til kompensasjon til dei kommunane som har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Kommunane blir ikkje justert heilt ned eller helt opp til landsgjennomsnittet.

Regjeringa har ei side med informasjon om frie inntekter. Denne finne de veg å [trykke her](#).

Sentrale kapittel

Kommunedirektøren si innleiing



Kommunedirektør Anders
Skipenes

Eit vanskeleg utgangspunkt

Kommune-Noreg har ikkje opplevd stramare økonomi på 40 år. I 2024 leverte 62 % av kommunane negativt netto driftsresultat. Spørjeundersøkingar utførte av KS og Kommunal Rapport blant kommunedirektørane, syner at situasjonen ikkje har betra seg særleg dette året. Godt over halvparten svarar at ein har stødig kurs mot underskot dette året også. Budsjettprosessen denne hausten har difor hatt eit noko dystert bakteppe.

I mange kommunar vert det no planlagt omfattande kutt i tenestene til innbyggjarane for å kunne levere budsjett og økonomiplan i balanse. Samla sett har kommunane framleis store midlar avsett på disposisjonsfond. Desse minkar raskt når underskota skal dekkast inn. Dessutan er fondsmidlane ikkje jamt fordelte, og mange kommunar har allereie tømt reservane sine. Det siste året har talet kommunar i ROBEK auka frå 12 til 27. Makroøkonomane i både KLP og Kommunalbanken har spådd at kanskje så mange som 100 kommunar vil hamne i ROBEK allereie i 2027. Det er ein dramatisk spådom.

Gloppen er ikkje blant dei verst stilte, men heller ikkje hos oss slepp vi unna kutt i tenestene. Det konsekvensjusterte budsjettet, som vart utarbeidd tidlegare i haust, syner at kommunen må ta ned drifta med om lag 14 mill. i 2026 for å balansere budsjettet utan å bruke midlar frå disposisjonsfondet vårt.

På det noverande tidspunktet syner prognosen (2. tertial) at vi styrer mot eit underskot på om lag 8,4 mill. i inneverande år. Dette - i tillegg til to år med raude tal i 2023 og 2024, har redusert kommunen sitt disposisjonsfond frå om lag 40 mill. til om lag 25 mill. ved inngangen til 2026. Dette er langt unna målet om å ha eit disposisjonsfond som utgjør minimum 10 % av brutto driftsinntekter (tilsvarande om lag 80 mill.).

Kommunestyret si bestilling til kommunedirektøren er å legge fram budsjett og økonomiplan i balanse utan bruk av disposisjonsfondet. Dette vil påvirke tenestene glopparane får frå kommunen.

Årshjul

Ved framlegginga av budsjettet for dette året vart kommunestyret overraska av nokre av tiltaka som vart lagt fram av kommunedirektøren, og som ikkje hadde vore kommunisert tidlegare. Dette skapte naturleg nok frustrasjon. For å unngå at vi skal hamne i ein liknande situasjon igjen, vedtok kommunestyret på vårparten eit nytt årshjul for økonomiprosessen. Dette skal sikre politisk medverknad på eit langt tidlegare stadium.

Vi starta budsjettprosessen med ein rammekonferanse allereie i mai, og kommunestyret vedtok viktige føringar for budsjettarbeidet på møtet i juni. Vi er nok ikkje heilt i mål enno, men tiltaka gjer at kommunedirektøren ikkje legg fram omfattande kuttiltak som ikkje har vore kommunisert tidlegare til kommunepolitikarane. Den politiske jobben med å lande budsjettet og økonomiplanen vert likevel ikkje særskilt enklare.

Fleire eldre - færre i arbeidsfør alder

Heile landet er prega av store demografiske endringar. Vi vert stadig fleire eldre i Noreg, samtidig som talet på menneske i arbeidsfør alder går ned. Dette er ein utfordrande kombinasjon. Vi merkar endringa også i Gloppen. 2025 er det første året at der bur fleire over 67 år i Gloppen enn unge mellom 0 og 20 år. Folketalsframskrivingane frå SSB syner at denne trenden held seg gjennom heile det neste 10-året. Dette gjer at kommunen må tenkje nytt om tenestene våre. Samstundes merkar vi at det vert stadig vanskelegare å fylle ledige jobbar hos oss. Mange hevdar at bemanning vil representere ei større utfordring enn kommuneøkonomien. Dei får kanskje rett.

Oppvekstområdet må ta det største kuttet

Budsjettframlegget frå kommunedirektøren har innarbeidd kutt i tenestene tilsvarende om lag 15 mill. (heilårseffekt). Oppvekst må ta den største delen av kuttet, og får eit nedtrekk i ramma på 10 mill. Den resterande delen av kutta fordeler seg mellom Helse og velferd (om lag 3 mill.), Samfunn og berekraft (om lag 1 mill.) og Administrasjonen (politikk - kommunedirektøren - økonomi - stab og støtte)(om lag 1 mill.)

Kva må til?

Budsjettframlegget frå kommunedirektøren representerer ikkje ein ny kurs for kommunen. Ein må spørje seg kva som må til for å skape varig berekraftig kommuneøkonomi i Gloppen. Kommunedirektøren meiner at dette i stor grad handlar om å ta inn over seg dei nye utfordringane. Fleire eldre som treng kommunale teneste kombinert med aukande vanskar med å rekruttere naudsynt personell med rett kompetanse, gjer at vi ikkje kjem unna ein konsentrasjon av omsorgstenestene våre. Derfor har kommunedirektøren gjort framlegg om å sette av midlar til å utgreie og lande på modell for dette i løpet av 2026. Det vil handle om korleis vi skal kunne utnytte kapasiteten på omsorgssenteret betre, vurdere samling av butilbodet som Miljøarbeidartenesta driftar, sjå på kvar vi skal tilby eldrebustader med heildøgns omsorg. På folkemøta vi hadde i vår stilte vi spørsmålet om kor lenge kommunen vil vere i stand til å levere heimeteneste i heile kommunen. Dette vekte sjølvsagt ikkje mykje entusiasme, men igjen handlar det om å ta inn over seg at tilbodet må vere berekraftig - både driftsmessig og økonomisk. Kanskje bør ein bu seg på å byte bustad den dagen ein treng kommunale teneste?

Denne hausten har vi lagt fram ein revidert barnehage- og skulebruksplan. Førebels konklusjon er at den noverande strukturen skal haldast uendra. Færre barn - særskilt i bygdene, vil gjere det naudsynt med endringar. Dette må vi bu oss på.

Heile kommuneorganisasjonen må tenkje nytt. Derfor set kommunedirektøren i gang eit prosjekt med sikte på å redusere ressursbruken i kommuneadministrasjonen. I løpet av budsjettåret skal det leggjast fram ein plan om korleis nedtrekket skal fordelast og gjennomførast, slik at dette kan leggjast til grunn i den neste budsjettprosessen.

Så skal vi sjølvsagt også kvar einaste dag arbeide med å gjennomføre dei mange små tiltaka som samla sett bidreg positivt til effektiv og økonomisk drift av kommunen.

Tala

Budsjettframlegget frå kommunedirektøren er ikkje tilstrekkeleg med tanke på å oppnå balanse i det komande året (jf. den politiske bestillinga). Underskotet vil bli på om lag 6 mill. Dette skuldast at fleire av

tiltaka som er foreslått, ikkje vil gje heilårseffekt det første året. Framskrivinga i økonomiplanen syner at det vil vere mogleg å skape positivt driftsresultat frå og med 2027.

Gloppen innførte eigedomsskatt i kommunesenteret i 2007. I 2010 vart ordninga utvida til heile kommunen. Sidan den gongen har kommunen ikkje gjennomført ny taksering av næringsseigedomane i Gloppen. Jf. regelverket for eigedomsskatt, kan kommunane gjennomføre taksering av næringsseigedomar kvart 10. år. Kommunedirektøren set av midlar til dette arbeidet i budsjettet for 2026. Dette vil venteleg heve skattegrunnlaget som følgje av verdiauken på eigedomar dei siste 15 åra. Eit forsiktig overslag indikerer at kommunen vil kunne auke inntektene frå eigedomsskatt med om lag 4,2 mill. frå og med 2027. Dette påverkar sjølvstekt kommuneøkonomien positivt.

Hovudpremissane som ligg til grunn for økonomiplanen

Hovudpremissar for det konsekvensjusterte budsjettet

Alle sektorar har så godt som råd, vist hovudpremissane som ligg til grunn for det konsekvensjusterte budsjettet. Desse finn ein i økonomi- og handlingsplanen under kvart tenestemråde.

I denne saka ønskjer kommunedirektøren å peike på nokre av dei viktigaste premissane:

- **Rammetilskot og skatteinntekter:**
For denne økonomiplanperioden er regjeringa/statsforvaltaren sitt anslag for rammetilskot og skatteinntekter inkl. inntektsutjamning lagt til grunn, slik det framkjem av statsbudsjettet for 2026. Dette anslaget er 5,2 mnok høgare enn anslaget som framkjem av KS sin prognosemodell. Den største usikkerheita er knytt til inntektsutjamninga. Størrelsen på inntektsutjamninga vert først kjent etter at året er ferdig (januar påfølgande år), og er ein størrelse som avhenger av Gloppen kommune sine skatteinntekter sett opp mot utviklinga i skatteinntekter til resten av landet. Det ligg sjølvstekt stor usikkerheit knytt til dette nivået.
- **Eigedomsskatt:**
Eigedomsskatt i 2026 er lagt på same nivå som 2025. I 2026 er det planlagt retaksering av næringsseigedomar, og frå 2027 er det på bakgrunn av dette lagt inn ei forventa auke i eigedomsskatt. Anslaget som ligg til grunn for økonomiplanen er at eigedomsskatten vil auke med 4,2 mnok frå og med 2027. Dette fordrar at satsen på eigedomsskatt vert halde uendra på 7 promiller.
- **Havbruksfondet:**
Utbetalingane frå Havbruksfondet varierer med ein 2-årig syklus (høg/låg annan kvart år), men syner ein gjennomgåande stigande trend. I 2024 var utbetalinga den høgaste vi har sett så langt. Utbetaling i 2025 er ikkje kjent på noverande tidspunkt, og det er stor usikkerheit knytt til nivået framover. Det er lagt til grunn ei utbetaling på 4,0 mnok i 2026, 1,5 mnok i 2027 og 4,0 mnok i 2028 og 1,5 mnok i 2029.
- **Utbyte:**
 - SFE: Utbyte tilsvarande 2025-nivået er lagt til grunn i heile perioden (5,2 mnok årleg)
 - SFE Holding: Forventa utbyte i 2026 er lagt inn for heile perioden (2,9 mnok årleg)
 - Gloppen Energi: Det er lagt til grunn 2,0 mnok i utbyte i 2026, deretter 3,8 mnok i 2027, 4,6 mnok i 2028 og 4,6 mnok i 2029.
- **Mottak av flyktningar:**
Det er lagt til grunn mottak og busetting av 25 flyktningar i 2026. Dette er i tråd med

anmodninga som vart gjort kjent 30.10.2025. Det er usikkert om Gloppen kommune faktisk vil kunne busette 25 flyktningar i 2026. Det er også ukjent kva grupperingar som vil kome (familiar/einslige/personar med store helse/tenestebehov etc.). Det er også lagt inn eit tiltak knytt til å redusere talet flyktningar vidare ned til 20 frå 2027, og at dette vil verte det nye normalnivået. Dette tiltaket vil kunne gje relevante einingar/tenester anledning til å starte arbeidet med å skalere ned tenestene i tråd med denne forventa utviklinga.

- **Brukarar helse:**

Det er lagt til grunn ei auke på 7 årsverk knytt til endringar på talet ressurskrevjande brukarar. Som følge av dette er det også lagt til grunn auke i refusjonar i tråd med ny toppfinansieringsordning.

- **Løn og sosiale kostnader:**

Det er lagt til grunn ein gjennomsnittleg lønsauke på 4 % frå 2025 til 2026 (statsbudsjettet for 2026), samt eit overheng på 1%. Dette gjev ei rest ramme på 3 % og eit påslag på 4,5 %. Ettersom lønsjusteringa vert gjort frå 1.5.2026 er løn og sosiale kostnader justert med 3,0 % (4,5 % / 12 * 8 mnd.). Lønsoppgjeret for 2026 er på bakgrunn av dette berekna til 10,8 mnok + sosiale kostnader. Dette er budsjettert på eit sentralt ansvar og vil bli fordelt ut iløpet av 2026.

Kommunedirektøren si tilråding til vedtak

Kommunestyret vedtek hovudpremissar slik det framgår av denne saka. Dette inkluderer:

- **Mottak av flyktningar:** Kommunestyret vedtek at Gloppen kommune skal busette opp til 25 flyktningar i 2026
- **Eigedomsskatt:** Med heimel i Eigedomsskattelova §3 a), vedtek kommunestyret at det vert skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i kommunen:
 - Den generelle skattesatsen for skattepliktige eigedomar vert 7 promille
 - Gloppen kommune har differensiert eigedomsskatt for bustadar, våningshus og fritidsbustadar i høve til §12 a) på 4 promille
 - Skatteetaten sin likningsverdi skal nyttast der denne er tilgjengeleg. Taksten på nærings eigedomar vert uendra i 2026.
 - Fritak frå eigedomsskatt i høve til Eigedomsskattelova §7 a) og b)
 - Eigedomar til stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten
 - Bygningar som har historisk verdi
- **Sjølvkost:** Kommunestyret legg følgjande til grunn for dekning av sjølvkostområda:
 - Vatn og avløp: 100 %
 - Feiing: 100 %
 - Byggesak: 100 %
 - Oppmåling: 60 %

Økonomiplan for 2026-2029

Kommunestyret vedtek økonomiplanen for 2026 til 2029 i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg i «Løyvingsoversikt drift etter §5-4 første ledd» og «Løyvingsoversikt drift etter §5-4 andre ledd». Dette inkluderar følgende driftstiltak (tal i 1000 kr):

Økonomiplan - drift - 2026 til 2029	2026	2027	2028	2029
☐ Konsekvensjustert økonomiplan	14 857	13 357	8 107	10 707
KONS - 2026 framskrevet	15 032	15 032	15 032	15 032
KONS - Havbruksfondet (4 / 1.5 / 4 / 1.5)		2 500		2 500
KONS - Utbyte Gloppen Energi (2 / 3.8 / 4.6 / 4.6)		-1 800	-2 600	-2 600
KONS - Eigeninnsats i forbindelse med innføring av nytt pasientjournalssystem		2 000		
KONS - Auka eigedomsskatt næring etter retaksering 2026 ved å halde fram med 7 promiiller i skattesats		-4 200	-4 200	-4 200
KONS - Nedskalere tenestetilbod - Vaksenopplæring	-175	-425	-425	-425
KONS - Netto finans (80% inv grad, likv effekt skatt, rentebane til KBN)		750	800	900
KONS - Planlagt netto bruk/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4) - Oppvekst		-500	-500	-500
☐ Administrative innsparingstiltak	-650	-2 900	-5 700	-6 500
ADM - Innsparingstiltak - Formannskapet (år 1-4)	-200	-1 000	-1 500	-1 750
ADM - Innsparingstiltak - Oppvekst (år 2-4)		-500	-600	-600
ADM - Innsparingstiltak - Helse og velferd (år 2-4)		-500	-500	-500
ADM - Innsparingstiltak - Samfunn og berekraft (år 1-4)	-200	-550	-700	-700
ADM - Innsparingstiltak - Fellesrådet	-100	-150	-200	-250
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av bilar - Samfunn og berekraft	-100	-150	-150	-150
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av bilar - Helse og velferd	-50	-50	-50	-50
ADM - Forventa administrativ innsparing Nordfjordnett (år 2-4)			-2 000	-2 500
☐ Politiske tiltak/innsparingstiltak	-8 170	-12 765	-12 820	-12 640
POL/KONS - Endre politisk organisering		-55	-110	-110
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Inviro AS	-30	-30	-30	-30
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Midtvegen 615 AS	-20	-20	-20	-20
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Nordfjordakademiet	-200	-200	-200	-200
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Studentsove, tilskot gjennom GN	-40	-40	-40	-40
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Visit Nordfjord AS	-280	-280	-280	-280
POL/KONS - Redusere medlemskap/tilskot - Samarbeid i Nordfjord og IPR	-150	-150	-150	-150
POL - Redusere tenestenivå midlertidig - Vakant stilling PPT	-265			
POL - Redusere tenestetilbod - fysioterapi	-205	-500	-500	-500
POL - Redusere tenestetilbod - helsestasjonen	-200	-230	-230	-230
POL/KONS - Redusere tenestetilbod - Kulturskolen	-500	-500	-500	-500
POL - Redusere tenestetilbod - Grunnskule, pedagog	-1 400	-3 400	-3 400	-3 400
POL - Redusere tenestetilbod - Grunnskule, assistent	-290	-700	-700	-700
POL - Redusere grunnbemanning i barnehage	-800	-1 700	-1 700	-1 700
POL - Felles stenging av alle barnehagane i Gloppen 3veker på sommar	-120	-120	-120	-120
POL - Avslutte kjøp av barnehageplassar i andre kommunar	-290	-180	-180	
POL - Redusere mottak av flyktingar (år 2-4)	0	-500	-500	-500
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, institusjon (25300)	-200	-200	-200	-200
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, bufellesskap/samløkaliserte omsorgsbustadar (25700)	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, ambulerande verksemd (25800)	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
POL - Ta ned kapasitet på planarbeid - 1 årsverk står vakant/fylt avvikar	-480	-960	-960	-960
POL - Kjøp av plan - Lokal transportplan - vegteknisk plan	300			
Bruk/avsetning til disposisjonsfond	6 037	-2 308	-10 413	-8 433

Kommunestyret vedtek følgende bruk/avsetning til disposisjonsfondet (tal i 1000 kr):

	2026	2027	2028	2029
Bruk av disposisjonsfondet	6 037			
Avsetning til disposisjonsfondet		2 308	10 413	8 433

Kommunestyret vedtek økonomiplanen for 2026 til 2029 i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «Løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd». Dette inkluderar løyvingar til følgende investeringsprosjekt (inkl.mva) (tal i 1000 kr):

Økonomiplan for 2026-2029

Investeringar inkl. mva	B 2026	B 2027	B 2028	B 2029	Sum
L - Sjølvkost - Vatn	8 000	8 125	8 750	6 250	31 125
L - Sjølvkost - Avløp	7 500	8 000	8 750	11 875	36 125
L - Veginnvesteringar vedteke i KDP for veg og trafikktrygging	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
P - Ny takteking på Gloppen omsorgssenter	3 750	0	0	0	3 750
L - Investeringar Nordfjordnett	3 130	1 000	1 000	1 000	6 130
L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - Køyretøy og ladepunkt	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - IT og datautstyr	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
L - Oppgradering av tekniske anlegg etter EL- og branntilsyn	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
L - Eigenkapitalinnskot KLP	1 700	1 700	1 700	1 700	6 800
P - Utbetring av veg i Kandal som står i fare for å rase ut	1 250	0	0	0	1 250
L - Investeringar i inventar og utstyr - Samfunn og berekraft	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800
P - Prosjektutgreiing - Kommunalt butilbod med bemanning	1 000	1 000	0	0	2 000
L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
L - Digitalisering av eigedomsarkivet	800	800	0	0	1 600
L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse	700	700	700	700	2 800
P - Full avfallssortering i kommunale foremålsbygg	650	500	0	0	1 150
L - Gatelys - Utskiifting og energibesparande tiltak	625	625	625	625	2 500
L - Trafikktryggingstiltak (eigenandel til søknad om midlar)	625	625	625	625	2 500
P - Nytt bygg til Heimetenesta (forprosjekt 2026)	500	500	0	0	1 000
L - Uteanlegg oppvekst	500	500	500	500	2 000
L - Investeringar i inventar og utstyr - Oppvekst	500	500	500	500	2 000
L - Brannbilar og utstyr	400	0	4 000	0	4 400
P - Innreiing av 2. etg på Blålysbygget til kontor	200	2 000	800	0	3 000
P - Forprosjekt og prosjektering av flaumsikring på Byrkjelo (KOM-021/25)	150				150
P - Moglegheitsstudie Sandane og Nordstranda skule	0	500	500	0	1 000
P - Nytt brannvarslingsanlegg - Sandane skule	0	0	765	0	765
P - Vegutbetring - Firdavegen	0	0	500	0	500
Totalsum	48 930	44 025	46 665	40 725	180 345

Kommunestyret vedtek følgande finansiering av investeringar for 2026:

- Kompensasjon for mva: 3 040 000 kr
- Lån til investeringar: 44 040 000 kr
- Bruk av ubundne investeringsfond: 1 850 000 kr
- Totalt: 48 930 000 kr

Kommunestyret vedtek følgande knytt til startlån for 2026:

- Lån til vidareformidling: 20 000 000 kr
- Utlån: 20 000 000 kr
- Totalt: 0 kr

Finansielle måltal - historikk og utvikling


Kommunestyret vedtok den 18.12.2024 oppdatert økonomireglement (KOM– 115/24), inkludert følgende langsiktige finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1 %
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 10 %

I tråd med KOM-015/25 vart det første måltalet oppdatert til «Korrigert netto driftsresultat er netto driftsresultat korrigert for bruk av og avsetning til bundne driftsfond».


Framlagt økonomiplan vil gjeve denne utviklinga i dei finansielle måltala:

1. Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter:



Gloppen kommune har satt seg som mål at korrigert netto driftsresultat som % av brutto driftsinntekter skal vere minimum 1 %. Økonomiplanen legg til grunn eit negativt korrigert netto driftsresultat i 2026, og deretter ei positiv utvikling. I økonomiplanen ligg det inne postar som er forventa å svinge gjennom økonomiplanen, og det er særleg svingingar i Havbruksfondet som gjer at forventa resultat i 2029 er sett noko lågare enn 2028.

2. Disposisjonsfond som % av brutto driftsinntekter:



Gloppen kommune har satt seg som mål at disposisjonsfondet som % av brutto driftsinntekter skal vere minimum 10 %. I økonomiplanen vert det lagt opp til å bruke 6 mnok av disposisjonsfondet i 2026, før det kan begynne å fyllast opp frå 2027.

Budsjettvedtak

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-279 699	-285 136	-325 490	-338 241	-338 241	-338 241	-338 241
Inntekt- og formuesskatt	-209 965	-235 605	-199 516	-221 002	-221 002	-221 002	-221 002
Eigedomsskatt	-24 916	-25 000	-25 000	-25 000	-29 200	-29 200	-29 200
Andre generelle driftsinntekter	-6 319	-3 557	-3 557	-7 027	-4 527	-7 027	-4 527
Sum generelle driftsinntekter	-520 899	-549 298	-553 563	-591 270	-592 970	-595 470	-592 970
Korrigert sum løyvingar drift, netto	471 476	518 660	523 374	551 576	546 481	541 626	541 006
Avskrivningar	32 632	32 800	33 900	32 800	32 800	32 800	32 800
Sum netto driftsutgifter	504 108	551 460	557 274	584 376	579 281	574 426	573 806
Brutto driftsresultat	-16 791	2 161	3 711	-6 893	-13 688	-21 043	-19 163
Renteinntekter	-6 456	-5 500	-5 500	-6 800	-6 800	-6 800	-6 800
Utbytte	-12 962	-18 900	-12 760	-10 080	-11 880	-12 680	-12 680
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	35 205	33 861	34 328	34 904	35 654	35 704	35 804
Avdrag på lån	28 954	31 703	30 221	31 703	31 703	31 703	31 703
Netto finansutgifter	44 742	41 164	46 289	49 726	48 676	47 926	48 026
Motpost avskrivningar	-32 632	-32 800	-33 900	-32 800	-32 800	-32 800	-32 800
Netto driftsresultat	-4 682	10 525	16 100	10 033	2 188	-5 917	-3 937
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	8 743	202	202	12	12	12	12
Bruk av bundne driftsfond	-2 451	-4 226	-4 226	-4 008	-4 508	-4 508	-4 508
Avsetningar til disposisjonsfond	26	0	0	0	2 308	10 413	8 433
Bruk av disposisjonsfond	-1 636	-6 501	-12 076	-6 037	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	4 682	-10 525	-16 100	-10 033	-2 188	5 917	3 937
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Formannskapet	41 874	40 591	42 743	45 145	44 290	41 735	40 985
Oppvekst	202 970	204 644	215 414	221 641	217 131	217 031	217 211
Helse og velferd	188 925	205 100	213 039	217 260	218 260	216 260	216 260
Samfunn og berekraft	41 545	48 054	49 739	53 840	52 660	52 510	52 510
Fellespostar utanom kommunalområda	1 301	15 104	-2 730	10 094	10 044	9 994	9 944
Sum løyvingar drift, netto	476 615	513 492	518 207	547 980	542 385	537 530	536 910
Av dette:							
Avskrivninger	32 632	32 800	33 900	32 800	32 800	32 800	32 800
Motpost avskrivninger	-32 632	-32 800	-33 900	-32 800	-32 800	-32 800	-32 800
Netto renteutgifter og -inntekter	-385	-1 143	-1 143	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	7 989	202	202	12	12	12	12
Bruk av bundne driftsfond	-2 451	-4 226	-4 226	-3 608	-4 108	-4 108	-4 108
Avsetninger til disposisjonsfond	26	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-40	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	471 476	518 660	523 374	551 576	546 481	541 626	541 006

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidlar	101 812	93 635	102 988	47 230	42 325	44 965	39 025
Tilskot til andre sine investeringar	7 300	0	3 650	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 124	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	113 236	95 335	108 338	48 930	44 025	46 665	40 725
Kompensasjon for meirverdiavgift	-13 606	-17 319	-19 101	-3 040	-3 880	-5 483	-3 905
Tilskot frå andre	-774	0	0	0	0	0	0
Sal av varige driftsmiddel	-1 081	0	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	-2 560	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-716	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-88 967	-78 016	-85 587	-44 040	-38 445	-39 482	-35 120
Sum investeringsinntekter	-107 704	-95 335	-104 688	-47 080	-42 325	-44 965	-39 025
Vidareutlån	10 633	15 000	15 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Bruk av lån til vidareutlån	-6 921	-15 000	-15 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Avdrag på lån til vidareutlån	1 927	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 991	0	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	3 649	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	973	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-12 658	0	-2 700	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	4 796	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-4 160	0	-950	-1 850	-1 700	-1 700	-1 700
Dekning av tidlegare års udekket beløp	1 868	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-9 181	0	-3 650	-1 850	-1 700	-1 700	-1 700
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
P - Gamle bustadfelt m.m.	288	0	0	0	0	0	0	0
P - Utskrifting av klippeutstyr	0	0	168	0	0	0	0	0
L - Sjølvkost - Avløp	7 991	11 137	11 137	7 500	8 000	8 750	11 875	36 125
P - Modulbygg 2.etg. Sandane skule	0	2 544	2 544	0	0	0	0	0
L - Køyretøy og ladepunkt	1 034	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - IT og arkiv (erstatta av tre separate prosjekt)	4 688	4 405	4 405	0	0	0	0	0
P - Konsulenttenester ved realisering av kommunen sine verdier	0	0	500	0	0	0	0	0
L - Investeringar i inventar og utstyr - Oppvekst	783	500	742	500	500	500	500	2 000
P - Nye Hyen skule	46 792	48 324	51 532	0	0	0	0	0
L - Uteanlegg oppvekst	317	400	334	500	500	500	500	2 000
L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst	2 443	1 000	-180	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
P - Grunnerverv Nordstranda skule	330	0	0	0	0	0	0	0
P - Sandane skule (KOM 074/20)	146	0	0	0	0	0	0	0
L - Brannførebygging i formålsbygg	259	700	2 072	0	0	0	0	0
P - Kjøp av kommunale bustader	12 718	0	2 558	0	0	0	0	0
P - Kjøkkenutstyr Gloppen kommunale kjøkken	24	0	76	0	0	0	0	0
P - Inne- og utemøbler helse	212	0	0	0	0	0	0	0
L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse	38	700	787	700	700	700	700	2 800
P - Ny gravelaster	4 957	0	0	0	0	0	0	0
P - Brannsikring i kommunale bueinigar	204	0	276	0	0	0	0	0
L - Sjølvkost - Vatn	8 255	9 375	9 375	8 000	8 125	8 750	6 250	31 125
L - Brannbilar og utstyr	6 750	0	0	400	0	4 000	0	4 400
L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg	685	2 000	2 118	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
P - Akkumulatortank for pelletsanlegget på Gloppen omsorgssenter	113	0	687	0	0	0	0	0
L - Gatelys - Utsifting og energibesparande tiltak	3	625	625	625	625	625	625	2 500
P - Frigjeringsverktøy til ny brannbil på Byrkjelo	386	0	0	0	0	0	0	0
Inngår i 84008? Løpande - Oppgradering ventilasjonsanlegg i kommunale bygg	206	0	0	0	0	0	0	0
P - Oppgradering av brannsentralar pga utfasing av 2g nettet	136	0	0	0	0	0	0	0
P - Utbetring av veg i Devik	1 421	0	0	0	0	0	0	0
L - Trafikktryggingstiltak (eigenandel til søknad om midlar)	291	780	1 080	625	625	625	625	2 500
L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering	0	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - Investeringar i inventar og utstyr - Samfunn og berekraft	0	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
P - Vegutbetring - Fjellbygdevegen fyrste del	0	1 875	1 875	0	0	0	0	0
P - Nytt brannvarslingsanlegg - Sandane skule	0	670	670	0	0	765	0	765
P - Renovering av stallane og utstillingsplassen	0	600	600	0	0	0	0	0
P - Ombyggingar i Åsavegen (personal - bueiningar)	259	1 500	1 941	0	0	0	0	0
P - Full avfallsortering i kommunale foremålsbygg	0	300	300	650	500	0	0	1 150
Tomt gbnr. 76/143 - Eidsvegen 6 - Modulbrakker på Eide	0	0	441	0	0	0	0	0
P - Nytt administrasjonssystem for Trivselshagen bad og idrett	0	0	125	0	0	0	0	0
F - Annen finansiering	82	0	0	0	0	0	0	0
P - Ny takteking på Gloppen omsorgssenter	0	0	0	3 750	0	0	0	3 750
P - Vegutbetring - Firdavegen	0	0	0	0	0	500	0	500
P - Nytt bygg til Heimetenesta (forprosjekt 2026)	0	0	0	500	500	0	0	1 000
P - Innreiing av 2. etg på Blålysbygget til kontor	0	0	0	200	2 000	800	0	3 000
P - Prosjektutgreiing - Kommunalt butilbod med bemanning	0	0	0	1 000	1 000	0	0	2 000
Oppgradering av tekniske anlegg etter EL- og branntilsyn	0	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Moglegheitsstudie Sandane og Nordstranda skule	0	0	0	0	500	500	0	1 000
L - IT og datautstyr	0	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
L - Digitalisering av eigedomsarkivet	0	0	0	800	800	0	0	1 600
Utbetring av veg i Kandal som står i fare for å rase ut	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250
Veginnvesteringar vedteke i KDP for veg og trafikktrygging	0	0	0	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
L - Investeringar Nordfjordnett	0	0	0	3 130	1 000	1 000	1 000	6 130
P - Forprosjekt og prosjektering av flaumsikring på Byrkjelo (KOM- 021/25)	0	0	0	150	0	0	0	150
Investeringar i varige driftsmidlar	101 812	93 635	102 988	47 230	42 325	44 965	39 025	173 545

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Holvikejekta - verne og formidlingsbygg	7 300	0	3 650	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	7 300	0	3 650	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Byrkjelo Næringspark	2 500	0	0	0	0	0	0	0
Eigenkapitalinnskott KLP	1 624	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	6 800
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 124	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	6 800

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	113 236	95 335	108 338	48 930	44 025	46 665	40 725	180 345

Økonomiplan for 2026-2029

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-279 699	-285 136	-325 490	-338 241	-338 241	-338 241	-338 241
Skatt på inntekt og formue	-209 965	-235 605	-199 516	-221 002	-221 002	-221 002	-221 002
Eigedomsskatt	-24 916	-25 000	-25 000	-25 000	-29 200	-29 200	-29 200
Andre skatteinntekter	-1 241	-768	-768	-1 268	-1 268	-1 268	-1 268
Andre overføringer og tilskot frå staten	-46 404	-37 209	-37 209	-35 703	-33 203	-35 703	-33 203
Overføringer og tilskot frå andre	-96 357	-85 342	-84 857	-91 726	-91 926	-91 926	-91 926
Brukarbetalingar	-12 068	-11 407	-11 407	-10 632	-10 632	-10 632	-10 632
Sals- og leigeinntekter	-79 112	-84 058	-82 958	-85 739	-85 739	-85 739	-85 739
Sum driftsinntekter	-749 762	-764 524	-767 204	-809 310	-811 210	-813 710	-811 210
Utgifter til løn	396 309	417 300	416 571	437 972	431 317	430 462	430 162
Sosiale utgifter	88 255	94 038	93 729	106 171	106 171	106 171	106 171
Kjøp av varer og tenester	185 189	193 380	198 063	196 963	198 723	194 723	194 403
Overføringer og tilskot til andre	30 585	29 168	28 651	28 511	28 511	28 511	28 511
Avskrivningar	32 632	32 800	33 900	32 800	32 800	32 800	32 800
Sum driftsutgifter	732 971	766 686	770 915	802 417	797 522	792 667	792 047
Brutto driftsresultat	-16 791	2 161	3 711	-6 893	-13 688	-21 043	-19 163
Renteinntekter	-6 456	-5 500	-5 500	-6 800	-6 800	-6 800	-6 800
Utbytte	-12 962	-18 900	-12 760	-10 080	-11 880	-12 680	-12 680
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	35 205	33 861	34 328	34 904	35 654	35 704	35 804
Avdrag på lån	28 954	31 703	30 221	31 703	31 703	31 703	31 703
Netto finansutgifter	44 742	41 164	46 289	49 726	48 676	47 926	48 026
Motpost avskrivningar	-32 632	-32 800	-33 900	-32 800	-32 800	-32 800	-32 800
Netto driftsresultat	-4 682	10 525	16 100	10 033	2 188	-5 917	-3 937
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	8 743	202	202	12	12	12	12
Bruk av bundne driftsfond	-2 451	-4 226	-4 226	-4 008	-4 508	-4 508	-4 508
Avsetningar til disposisjonsfond	26	0	0	0	2 308	10 413	8 433
Bruk av disposisjonsfond	-1 636	-6 501	-12 076	-6 037	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	4 682	-10 525	-16 100	-10 033	-2 188	5 917	3 937
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Folketalsutvikling

Demografi

Prognose folketalsutvikling




	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 - åringer	55	51	51	52	52	52	52	53	53	53	53
Barnehage (1-5 år)	314	309	301	285	274	281	286	287	290	291	291
Grunnskole (6-15 år)	725	724	722	732	731	721	703	689	692	673	666
Videregående (16-19 år)	315	306	303	291	290	287	295	304	288	302	299
Voksne (20-66 år)	3 256	3 225	3 185	3 169	3 151	3 141	3 130	3 115	3 115	3 112	3 096
Eldre (67-79 år)	885	889	905	910	911	898	894	889	863	849	855
Eldre (80-89 år)	313	324	346	353	384	405	424	445	468	484	492
Eldre (90 år og eldre)	73	76	74	83	75	80	80	80	91	93	101
Total	5 936	5 904	5 887	5 875	5 868	5 865	5 864	5 862	5 860	5 857	5 853

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

0 - åringer


Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 år	55	51	51	52	52	52	52	53	53	53	53
Total	55	51	51	52	52	52	52	53	53	53	53

Barnehage (1-5 år)


Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
1 år	43	51	53	53	54	55	55	55	55	55	55
2 år	69	46	53	55	55	55	56	57	57	57	57
3-5 år	202	212	195	177	165	171	175	175	178	179	179
Total	314	309	301	285	274	281	286	287	290	291	291

Grunnskole (6-15 år)


Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
6-9 år	289	282	291	285	289	272	265	247	236	244	247
10-12 år	225	222	215	221	216	228	213	221	224	210	193
13-15 år	211	220	216	226	226	221	225	221	232	219	226
Total	725	724	722	732	731	721	703	689	692	673	666

Videregående (16-19 år)

Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
16-17 år	165	158	148	141	149	150	150	159	144	149	160
18 år	79	77	81	72	71	67	79	69	78	78	64
19 år	71	71	74	78	70	70	66	76	66	75	75
Total	315	306	303	291	290	287	295	304	288	302	299

Voksne (20-66 år)


Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
20 år	96	67	67	70	75	67	68	63	74	64	73
21 år	89	87	62	64	66	71	65	64	60	69	61
22 år	63	76	78	58	58	61	64	59	59	56	64
23-29 år	378	370	369	380	376	373	360	359	359	352	341
30-34 år	301	306	306	312	301	291	299	294	288	295	300
35-44 år	709	722	739	721	727	741	737	743	727	717	698
45-49 år	323	325	312	328	335	335	342	352	359	364	388
50-66 år	1 297	1 272	1 252	1 236	1 213	1 202	1 195	1 181	1 189	1 195	1 171
Total	3 256	3 225	3 185	3 169	3 151	3 141	3 130	3 115	3 115	3 112	3 096


Eldre (67-79 år)

Prognose folketalsutvikling



Eldre (80-89 år)


Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
80-84 år	197	211	226	230	250	263	274	280	301	300	297
85-89 år	116	113	120	123	134	142	150	165	167	184	195
Total	313	324	346	353	384	405	424	445	468	484	492

Eldre (90 år og eldre)

Prognose folketalsutvikling



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
90-94 år	52	54	51	63	56	61	61	61	69	73	78
95-99 år	16	19	21	18	17	17	18	17	20	18	21
100 år eller eldre	5	3	2	2	2	2	1	2	2	2	2
Total	73	76	74	83	75	80	80	80	91	93	101

Satsingsområde

Investeringar i økonomiplanen

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
P - Gamle bustadfelt m.m.	288	0	0	0	0	0	0	0
P - Utskrifting av klippeutstyr	0	0	168	0	0	0	0	0
L - Sjølvkost - Avløp	7 991	11 137	11 137	7 500	8 000	8 750	11 875	36 125
P - Modulbygg 2.etg. Sandane skule	0	2 544	2 544	0	0	0	0	0
L - Køyretøy og ladepunkt	1 034	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - IT og arkiv (erstatta av tre separate prosjekt)	4 688	4 405	4 405	0	0	0	0	0
P - Konsulenttenester ved realisering av kommunen sine verdier	0	0	500	0	0	0	0	0
L - Investeringar i inventar og utstyr - Oppvekst	783	500	742	500	500	500	500	2 000
P - Nye Hyen skule	46 792	48 324	51 532	0	0	0	0	0
L - Uteanlegg oppvekst	317	400	334	500	500	500	500	2 000
L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst	2 443	1 000	-180	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
P - Grunnerverv Nordstranda skule	330	0	0	0	0	0	0	0
P - Sandane skule (KOM 074/20)	146	0	0	0	0	0	0	0
L - Brannførebygging i formålsbygg	259	700	2 072	0	0	0	0	0
P - Kjøp av kommunale bustader	12 718	0	2 558	0	0	0	0	0
P - Kjøkkenutstyr Gloppen kommunale kjøkken	24	0	76	0	0	0	0	0
P - Inne- og utemøbler helse	212	0	0	0	0	0	0	0
L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse	38	700	787	700	700	700	700	2 800
P - Ny gravelaster	4 957	0	0	0	0	0	0	0
P - Brannsikring i kommunale bueinigar	204	0	276	0	0	0	0	0
L - Sjølvkost - Vatn	8 255	9 375	9 375	8 000	8 125	8 750	6 250	31 125
L - Brannbilar og utstyr	6 750	0	0	400	0	4 000	0	4 400
L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg	685	2 000	2 118	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
P - Akkumulator tank for pelletsanlegget på Gloppen omsorgssenter	113	0	687	0	0	0	0	0
L - Gatelys - Utskrifting og energibesparande tiltak	3	625	625	625	625	625	625	2 500
P - Frigjeringsverktøy til ny brannbil på Byrkjelo	386	0	0	0	0	0	0	0
Inngår i 84008? Løpande - Oppgradering ventilasjonsanlegg i kommunale bygg	206	0	0	0	0	0	0	0
P - Oppgradering av brannsentralar pga utfasing av 2g nettet	136	0	0	0	0	0	0	0
P - Utbetring av veg i Devik	1 421	0	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
L - Trafikktryggingstiltak (eigenandel til søknad om midlar)	291	780	1 080	625	625	625	625	2 500
L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering	0	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
L - Investerings i inventar og utstyr - Samfunn og berekraft	0	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800
P - Vegutbetring - Fjellbygdevegen fyrste del	0	1 875	1 875	0	0	0	0	0
P - Nytt brannvarslingsanlegg - Sandane skule	0	670	670	0	0	765	0	765
P - Renovering av stallane og utstillingsplassen	0	600	600	0	0	0	0	0
P - Ombyggingar i Åsavegen (personal - bueiningar)	259	1 500	1 941	0	0	0	0	0
P - Full avfallsortering i kommunale foremålsbygg	0	300	300	650	500	0	0	1 150
Tomt gbnr. 76/143 - Eidsvegen 6 - Modulbrakker på Eide	0	0	441	0	0	0	0	0
P - Nytt administrasjonssystem for Trivselshagen bad og idrett	0	0	125	0	0	0	0	0
F - Annen finansiering	82	0	0	0	0	0	0	0
P - Ny takteking på Gloppen omsorgssenter	0	0	0	3 750	0	0	0	3 750
P - Vegutbetring - Firdavegen	0	0	0	0	0	500	0	500
P - Nytt bygg til Heimetenesta (forprosjekt 2026)	0	0	0	500	500	0	0	1 000
P - Innreiing av 2. etg på Blålysbygget til kontor	0	0	0	200	2 000	800	0	3 000
P - Prosjektutgreiing - Kommunalt butilbod med bemanning	0	0	0	1 000	1 000	0	0	2 000
Oppgradering av tekniske anlegg etter EL- og branntilsyn	0	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Moglegheitsstudie Sandane og Nordstranda skule	0	0	0	0	500	500	0	1 000
L - IT og datautstyr	0	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
L - Digitalisering av eigedomsarkivet	0	0	0	800	800	0	0	1 600
Utbetring av veg i Kandal som står i fare for å rase ut	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250
Veginvesteringar vedteke i KDP for veg og trafikktrygging	0	0	0	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
L - Investerings Nordfjordnett	0	0	0	3 130	1 000	1 000	1 000	6 130
P - Forprosjekt og prosjektering av flaumsikring på Byrkjelo (KOM-021/25)	0	0	0	150	0	0	0	150
Investeringar i varige driftsmidlar	101 812	93 635	102 988	47 230	42 325	44 965	39 025	173 545

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Holvikejekta - verne og formidlingsbygg	7 300	0	3 650	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	7 300	0	3 650	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Byrkjelo Næringspark	2 500	0	0	0	0	0	0	0
Eigenkapitalinnskott KLP	1 624	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	6 800
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 124	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	1 700	6 800

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	113 236	95 335	108 338	48 930	44 025	46 665	40 725	180 345

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringer

Fellespostar utanom kommunalområda

L - Brannbilar og utstyr

For og gjere ein god innsats i ein tidskritisk situasjon, er brannvernet i kommunen avhengig av utstyr som er eigna, driftssikkert, og som ivaretek tryggleiken til innsatspersonellet på ein god måte. I tillegg til noko frigjeringsutstyr på Sandane, er det meldt inn behov for ny brannbil i Hyen. Dette er lagt inn i økonomiplanen i 2028.

L - Eigenkapitalinnskott KLP

KLP er eigd av kommunane og vi må derfor årleg bidra med eigenkapitalinnskott tilsvarande veksten i KLP. Eigenkapitalinnskottet kan ikkje lånefinansierast.

L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg

Energisparande tiltak på formålsbygg er lagt inn i økonomiplanen som en løpande investeringssum. Midlane skal nyttast der det gjev størst energisparande effekt eller der det kan gjerast kostnadseffektive tiltak i samband med anna nødvendig vedlikehald. Det vert ofte utlyst tilskotsordningar der det er krav om kommunal eigenandel. Desse prosjekta gjev ofte svært stor energisparande effekt per investerte krone. Energisparande tiltak gjev lågare driftskostnader.

L - Gatelys - Utsifting og energibesparande tiltak

Utsifting av gammalt gatelys til LED og målt avlesing. Dette er kostnadseffektive energitiltak, og utsifting kan skje i samband med anna anleggsarbeid, i hovudsak ved skifte av vatn-, og avløpsledningar.

L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse

Det blir løpande spelt inn behov for diverse investeringar i sektoren Helse og velferd. I forbindelse med budsjettarbeidet vart det spelt inn behov/ynskje som summa seg til mellom 1 MNOK og 1.7 MNOK per år i planperioden. Dette er tatt ned ettersom behov må gjerast tøffe prioriteringar framover.

Investeringar som skal prioriterast under dette prosjektet er:

- Investeringar som er strengt nødvendige for å yte tenester
- Investeringar som er naudsynte for ergonomisk tilpassingar og sikre tilsette sitt arbeidsmiljø
- Investeringar som vil gje driftsmessige innsparingar

L - Investeringar i inventar og utstyr - Oppvekst

Det blir løpande spelt inn behov for diverse investeringar i sektoren Oppvekst. I forbindelse med budsjettarbeidet vart det spelt inn behov/ynskje som summa seg til mellom 0,5 og 1,5 MNOK per år i planperioden. Dette er tatt ned ettersom behov må gjerast tøffe prioriteringar framover. Investeringar som skal prioriterast under dette prosjektet er:

- Investeringar som er strengt nødvendige for å yte tenester
- Investeringar som kan gjere undervisninga meir praktisk og variert
- Investeringar som gjer det lettare med ergonomisk tilpassingar og sikre elevane sitt arbeidsmiljø
- Investeringar som vil gje store driftsmessige innsparingar
- Investeringar som er sett på som naudsynte for å fornye læremiddel i tråd med ny læreplan

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett lagt inn midlar som kommunane kan søkje på til lokalar og/eller utstyr. Gloppen vil truleg få rundt kroner 160 000,- av dei.

L - Investeringar i inventar og utstyr - Samfunn og berekraft

Det blir løpande spelt inn behov for diverse investeringar i sektoren Samfunn og berekraft. I forbindelse med budsjettarbeidet vart det spelt inn behov/ynskje som summa seg til mellom 2.5 MNOK og 3.5 MNOK per år i planperioden. Dette er tatt ned ettersom behov må gjerast tøffe prioriteringar framover. Investeringar som skal prioriterast under dette prosjektet er investeringar som er strengt nødvendige for å yte tenester, eller som vil gje store driftsmessige innsparingar.

L - Køyretøy og ladepunkt

Kommunen har ca 70 tenestebilar i drift. Vi skiftar årleg ut dei dårlegaste bilane slik at tenestene får tenelege og driftssikre bilar.

Vidare så omfattar dette prosjektet også bygging av ladeinfrastruktur til el-bilar og kjøp av el-syklar (der dette er teneleg). Dette er ein fellespost for heile kommunen.

L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst

Dette er til investeringar som plutsleg oppstår innanfor Helse og Oppvekst (eksempelvis mindre ombyggingar grunna nye brukarbehov, sikringstiltak i eksisterande bygg etc.), samt andre behov som løpande blir meldt inn. Behov som blir meldt inn skal vurderast og prioriterast av leiargruppa.

L - Uteanlegg oppvekst

Midlar til å fornye uteområde i barnehagar og skulane. Det vil vere å skifte ut gamle leikeapparat og gjere tiltak på gjerder og fallunderlag. Vi har leikeplasstilsyn som kvart år påviser feil og manglar som fører til behov for nyinvestering. Summen som er lagt inn er tilpassa spelemiddelsordninga for nærmiljøanlegg.

L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering

Det er behov for ein løpande investeringsbeløp som kan nyttast til diverse sikringstiltak på og langs veg, asfalterings, utbetring av bruer og rekkverk.

Moglegheitsstudie Sandane og Nordstranda skule

Det skal gjerast ein behovskartlegging og tilstandsvurdering av dagens Sandane og Nordstranda skule. Det skal engasjerast arkitekt for å utgreie mogleg utvikling og utviding av skulen og skuleområdet. Vedlikehaldsbehov og utviding skal kostnadsberekast.

Oppgradering av tekniske anlegg etter EL- og branntilsyn

Der er behov for omfattande oppgraderinga av tekniske anlegg i formålsbygga. Avvik frå tilsyn og kontrollar, samt eigenkontrollar viser dette.

Tiltak som er planlagt dei første åra

- El.anlegg - avvik frå el-tilsyn (blant anna Reedtunet, Løkjatunet, Sandane Skule, Omsorgssenteret)
- Nøddlysanlegg på omsorgssenteret

P - Vegutbetring - Firdavegen

Reguleringsplanen vart vedteke i september 2020. Fylkeskommunen har utført tiltak i krysset med fylkesvegen i 2025 som betrar situasjonen, men det er ikkje gjort tiltak for gåande og syklande. Dersom det vert gjort utbetringstiltak, vil det samtidig bli skifta ut VA-røyr i gateløpet, men VA-anlegget er ikkje utløyande årsak til rehabilitering.

500 000 kr i prosjektering vart vedteke i forbindelse med handsaming av økonomiplan for 2024-2027. Dette er flytta fram til 2028. Moglegheit for å ekspropriere med heimel i gjeldande reguleringsplan går ut i 2030.

P - Forprosjekt og prosjektering av flaumsikring på Byrkjelo (KOM-021/25)

Kommunen har fått tilsagn om tilskot frå NVE til forprosjekt og prosjektering av flaumsikring på Byrkjelo. Arbeidet startet i oktober 2025 og skal sluttførast i 2026. NVE til tilskot gjeld 90% av samla kostnadar oppad begrensa til kr 1 350 000kr.

P - Full avfalssortering i kommunale foremålsbygg

Konvertert frå MP-16-Prosjekt - Full avfalssortering i kommunale foremålsbygg

P - Ny takteking på Gloppen omsorgssenter

Investeringa vart vedteken i førre økonomiplan, og gjeld skifte av takteking på den gamle delen av Gloppen omsorgssenter. Investeringar er å ansjå som ei påkostning som vil øke bygget utnyttbare levetid, og høyrer difor heime i investeringsrekneskapen.

P - Nytt brannvarslingsanlegg - Sandane skule

Oppgradering frå sonevarsling til romvarsling. Oppfordring etter branntilsyn (ref. forskrift om brannførebygging). Innhenta kalkyle.

P - Prosjektutgreiing - Kommunalt butilbod med bemanning

Formål:

Sikre berekraftig og forsvarlig tenestetilbod med riktig kompetanse.

Plan:

- Bu og omsorg:
 - Behovsvurdering tal plassar og type plassar
 - Ressursutnytting av lokalar/legevakt/ny avdeling utsiktene/fysio ergo/ vaskeri og kappel
 - Ressursutnytting av kompetanse
- Miljøarbeidartenesta:
 - Behovsvurdering tal plassar og type plassar/ressurskrevjande
 - Ressursutnytting av lokalar
 - Ressursutnytting av kompetanse
 - Vurdering av driftsform bygg knytt til type plassar
- Heimetenesta:
 - Behovsvurdering av personalbase på Kleivedammen
 - Vurdere alternativ organisering/driftsform bufelleskap

Veginnvesteringar vedteke i KDP for veg og trafikktrygging

I samband med kommunedelplan for veg og trafikktrygging som er planlagt vedteke våren 2026 skal det utarbeidast ein vegteknisk plan som gir viktig kunnskap om status og vedlikehaldsbehov på kommunale vegar. Det vil i planarbeidet bli utarbeidd ein investeringsplan i tråd med storleiken på dette prosjektet som vert førande for kva prosjekt som blir prioritert.

Selvkost

Fellespostar utanom kommunalområda

L - Sjølvkost - Avløp

Vi har kapasitet til å investere for 14-16 MNOK per år innanfor vatn og avløp. Tabellen under viser planlagte prosjekt på avløp. Det blir gjort løpande prioriteringa innanfor samla ramme. Samfunnsutvalet vert orientert ved store endringar.

(tall i 1000 kr)

Prosjektnavn	2026	2027	2028	2029
Oppgradering av pumpestasjonar	1 000	1 000	1 000	1 000
Utsifting av gammalt leidningsnett	500	500	500	500
Avløpsreinseanlegg på Reed NY pumpeleidning mellom Reed og Byrkjelo	500	500	4 000	6 000
Hovden	500	500		
Sårheim ++++	1 500	1 000	1 000	1 000
Gotavegen	1 000	500		
Byrkjelo renseanlegg		950		
Eidsmona	500	500		500
Åsavegen				
Nytt reinseanlegg på Sandane		500	500	500
Andre prosjekt frå hovudplan	900	500		
Sum eks mva	6 400	6 450	7 000	9 500
Mva	1 600	1 612	1 750	2 375
Sum inkl. mva ført i budsjett	8 000	8 062	8 750	11 875

L - Sjølvkost - Vatn

Vi har kapasitet til å investere for 14-16 MNOK per år innanfor vatn og avløp. Tabellen under viser planlagte prosjekt. Det blir gjort løpande prioriteringa innanfor samla ramme. Samfunnsutvalet vert orientert ved store endringar.

Prosjektnavn	2026	2027	2028	2029
Gamalt leidningsnett	500 000	500 000	500 000	500 000
Hovden vassverk.	250 000	250 000	250 000	250 000
Reed vassverk.	250 000	250 000	250 000	250 000
Sårheim +++	1 500 000	1 000 000	1 000 000	
Ny vasskjelde på Reed og Hovden	300 000	2 000 000		
Sandane vassverk	300 000			
Eidsmona	500 000			
Gotavegen	1 000 000	500 000		
Andre prosjekt frå hovudplan	1 800 000	2 000 000	5 000 000	4 000 000
Sum eks mva	6 400 000	6 500 000	7 000 000	5 000 000
MVA	1 600 000	1 625 000	1 750 000	1 250 000
Sum inkl. mva ført i budsjettet	8 000 000	8 125 000	8 750 000	6 250 000

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringer i varige driftsmidler	47 230	42 325	44 965	39 025
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 700	1 700	1 700	1 700
Sum finansieringsbehov	48 930	44 025	46 665	40 725
Kompensasjon for merverdiavgift	-3 040	-3 880	-5 483	-3 905
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Bruk av lån	-44 040	-38 445	-39 482	-35 120
Videreutlån	20 000	20 000	20 000	20 000
Bruk av lån til videreutlån	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-1 850	-1 700	-1 700	-1 700
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum finansiering	-48 930	-44 025	-46 665	-40 725
Sum finansieringsbehov	48 930	44 025	46 665	40 725
Sum finansiering	-48 930	-44 025	-46 665	-40 725
Udekt finansiering	0	0	0	0

Kommunen sine tenesteområde

Formannskapet

Innleing

På formannskapsområdet ligg kostnader til leing, politisk styring, felles støttefunksjonar, samt verneombod/tillitvaltgte som er kjøpt ut av kommunen. I tillegg ligg dei fleste IT-kostnadane her, og for sektoren som heilheit er 52 % løn og 48 % øvrige kostnader. Budsjettet for 2026 inneheld ingen større endringar i tenesteleveranse. Tal årsverk og tilsette er halde tilnærma stabilt. Det vert jobba med effektivisering, og det har resultert i reduksjon i opparbeidde timesaldoar. Det er fleire nye tilsette som no er kome godt inn i sine nye arbeidsoppgåver, og atl ligg til rette for å kunne jobbe meir strukturert med effektiviserings- og forbetningsarbeid.

Beskriving av verksemda i dag

Ansvarsområder og årsverk som ligg til grunn for budsjettet:

Område	Bud.2025	Bud.2026	Endring
Administrativ leing	5,0	5,0	0
Næringssjef	1,0	1,0	0
Felles støttefunksjonar	18,2	18,4	0,2
Utleigd til Gloppen Energi	0,45	0,45	0

Kommentar: Det er lagt til grunn ein auke på 0,2 årsverk. Dette er knytt til at ein tilsett går opp igjen til 100 % stilling etter å ha gått i 80 % stilling i ein tidsavgrensa periode. Auken er delvis finansiert gjennom reduserte kostnader til bedriftshelseteneste.

Detaljert beskriving av sektoren:

Revisjon/Kontrollutval:

Her er utgiftene til kommunerevisjon, drift av kontrollutvalet og kostnader knytt til drifta av SEKOM-sekretariatet samla.

Administrativ leiling:

Her er utgiftene til den overordna drifta av kommunen samla. Løn til kommunedirektøren og kommunalsjefane vert ført her.

Næringssjefen:

Her ligg kostnader knytt til næringsarbeidet i kommunen. Per 2026 er det lagt til grunn eitt årsverk her. Alle andre kostnader er det lagt opp til at skal vere prosjektfinansierte.

Felles støttefunksjonar:

- **Økonomiavdelinga:**

Økonomiavdelinga er organisert som ei eiga avdeling, med økonomisjefen som fag- og personalansvarleg. Eininga har 9 tilsette (7,75 årsverk). Avdelinga har ansvar for løn, rekneskap, mottak og distribusjon av inngåande faktura, utgåande fakturering, innfordring, innkjøp, rapportering og budsjett- og økonomistyring.

I tillegg til kommunerekneskapen, fører økonomiavdelinga rekneskapen til Gloppen Kyrkjeleg Fellesråd, og har dei same oppgåvene knytt til løn, fakturering og innkrevjing for Fellesrådet som for kommunen. Ein medarbeidar på økonomiavdelinga er utleigd som dagleg leiar for Gloppen Energi AS (45 % stilling).

- **Servicetorget:**

Servicetorget er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvaret for handsaming av startlån, bustønad, borgarleg vigsel og gjennomføring av val. I tillegg driftar servicetorget interne funksjonar som politisk sekretariat, sakshandsaming, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har 3 tilsette (2,8 årsverk), og driftar kommunen sine digitale flater. Dei legg til rette for dei folkevalde sin bruk av digitale hjelpemiddel i kommunale møte. Servicetorget er samlokalisert med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for Heradshuset og tenestene i Helse og omsorg, unnateke legekantoret. Servicetorget legg administrativt til rette for borgarleg vigsel. Ordførar, varaordførar og kommunedirektør har delegert vigselssmynde direkte frå lov og frå kommunestyrevedtak.

- **IKT:**

Eininga har 3 tilsette (2,8 årsverk). Eininga har ansvar for førstelinje brukarstøtte, innkjøp av IKT-utstyr, mobiltelefonar og IKT-opplæring i kommunen. Driftsansvaret for IKT-løysingane og brukarstøtte er overført til IKT Nordfjord/Nordfjordnett i Måløy og på Nordfjordeid. Det aller meste av kommunen sine lisens- og vedlikehaldskostnad knytt til maskin- og programvare, vert ført her.

- **Arkivtenesta:**
Arkivtenesta har 2 tilsette (2 årsverk). Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette (SvarUT/SvarINN). Saksarkivet er no heilelektronisk.
- **Personalavdelinga:**
Personalavdelinga er organisert som ei eiga fageining i stab og støtte, med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har 2 tilsette. Den eine har hatt redusert stilling til 80 % ein periode, men frå 2026 går denne medarbeidaren tilbake til 100 % stilling.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett	40 591	40 591	40 591	40 591
Sum Tekniske justeringar	4 905	4 905	4 905	4 905
Sum Løns- og prisvekst	570	570	570	570
Konsekvensjusteringar	5 475	5 475	5 475	5 475
Konsekvensjustert ramme	46 065	46 065	46 065	46 065
Innsparingstiltak				
ADM - Administrative innsparingstiltak - Formannskapet (år 1-4)	-200	-1 000	-1 500	-1 750
ADM - Forventa administrativ innsparing Nordfjordnett (år 2-4)	0	0	-2 000	-2 500
Sum Innsparingstiltak	-200	-1 000	-3 500	-4 250
Politiske vedtak				
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Inviro AS	-30	-30	-30	-30
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Midtvegen 615 AS	-20	-20	-20	-20
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Nordfjordakademiet	-200	-200	-200	-200
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Studentstove, tilskot gjennom GN	-40	-40	-40	-40
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Visit Nordfjord AS	-280	-280	-280	-280
POL/KONS - Endre politisk organisering - Redusere kostnad gjennom å ta ned tal kommunestyre-representantar, møtefrekvens og andre delegeringsfullmakt	0	-55	-110	-110
POL/KONS - Redusere medlemsskap/tilskot - Samarbeid i Nordfjord og IPR	-150	-150	-150	-150
Sum Politiske vedtak	-720	-775	-830	-830
Nye tiltak og realendringar	-920	-1 775	-4 330	-5 080
Ramme 2026-2029	45 145	44 290	41 735	40 985

Samandrag budsjett

Konsekvensjustert budsjett:

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad synleggjere konsekvensen av å oppretthalde aktivitetar/teneste/ tenestenivå som no, justert med venta pris-/løns-/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden frå 2026, så langt det let seg gjere, inkluderast i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal såleis synleggjere budsjettmessig konsekvens av uendra politikk, og danne grunnlag for å vurdere endra prioriteringar. Budsjettering har fleire usikre faktorar, og det er lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekt vurdering av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane som ligg til grunn for vurderingane, skal leggst fram slik at handlingsrommet innanfor dei ulike sektorane vert synleg. Det skal også kome fram kvar ein fin størst usikkerheit.

Hovudpremissa for det konsekvensjusterte budsjettet innanfor Formannskapsområdet:

- Berekna lønsoppgjer i 2026 er lagt på sentralt ansvar 9000, og vil bli fordelt ut i løpet av 2026.
- Det er lagt til grunn kostnader på 3 032 951 kr til politisk styring
- Det er lagt til grunn at inntekter frå løyvegebyr og tilsynsavgift tobakk/alkohol går i null mot kostnadene (kan variere litt år for år)
- Alle renteinntekter og rentekostnader er flytta over til sentralt ansvar 9000
- Tal årsverk er stort sett planlagt på tilsvarande nivå som i 2025 (ein liten auke på 0,2 årsverk som følgje av at ein tilsett skal tilbake i full stilling). I dette talet ligg også kommunedirektøren og kommunedirektøren si leiargruppe.
- Det er ikkje lagt til grunn bruk av vikarar. I tillegg er det lagt til grunn 350 000 kr i sjukelønsrefusjonar.
- Det er lagt til grunn 100 000 kr til kjøp av juridisk bistand.
- Det er lagt til grunn 200 000 kr til kjøp av mobiltelefonar, og 100 000 kr til datautstyr (utover det som ligg i investerings-budsjettet)
- Kjøp frå andre utgjør 13 mill. (ein auke frå 2025 på 1,6 mill.). Beløpet fordeler seg på følgjande postar:
 - IKT Nordfjord (11 538 507 kr)
 - SEKOM-sekretariat (316 093 kr)
 - Vestland revisjon (919 000 kr)
 - Innkjøpssamarbeidet INSS (253 000 kr)
- Næringsarbeid er det lagt inn med eitt årsverk (næringssjef). Alle andre kostnader knytt til denne tenesta er prosjekt-finansierte.
- I den vedtekne økonomiplanen for 2025 - 2028 låg det til grunn at ytterlegare tilskot til Nordfjordbrua AS går ut frå 2026. Det er difor ikkje sett av midlar til dette formålet i økonomiplanen for 2026 - 2029.
- Det er lagt til grunn kostnader til felles leiarsamlingar på 250 000 kr.
- Det er lagt til grunn kostnad til gåver disponert av ordførar på 10 000 kr.
- Kurs- og opplæringsbudsjettet er redusert til eit minimum (reduert med 100 000 kr samanlikna med 2024-rekneskapen).
- Følgjande tilskot er inkludert i det konsekvensjusterte budsjettet, men også løfta fram av kommunedirektøren som innsparingstiltak i økonomiplanen:
 - Driftstilskot til Visit Nordfjord (280 000 kr)
 - Driftstilskot til Nordfjordakademiet (200 000 kr)
 - Samarbeid i Nordfjord og Fjordane IPR (150 000 kr)
 - Tilskot til Studentstove via GN (40 000 kr)
 - Medlemsavgift Inviro AS (30 000 kr)
 - Tilskot til Midtvegen 615 AS (20 000 kr)

Kommentar til tiltak som er lagt inn i økonomiplanen på Formannskapsområdet:

- Kommunedirektøren etablerer innan utgangen av året eit prosjekt som skal utgreie potensielle innsparingar og effektiviseringar innanfor administrative funksjonar og fellesteneste i kommunen i økonomiplanperioden. Prosjektet vil bli etablert med styringsgruppe (kommunedirektøren si leiargruppe supplert med ein representant frå dei tillitsvalde), prosjektgruppe og eigen prosjektleiar (økonomisjefen)
- Førebels prosjektmål:
 - Kartlegge arbeidsoppgåver og kompetansebehov (TØRN-metodikk), og gjere ei kritisk vurdering av desse
 - Kome med framlegg til oppgåver som kan avviklast, og peike på område som krev styrking/ny kompetanse

- Redusere talet på årsverk ved naturleg avgang, og fordele sentrale oppgåver til andre i organisasjonen
- Peike på område som kan effektiviserast t.d. ved bruk av KI
- Samanlikne ressursbruken i Gloppen kommune med nabokommunar og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 4
- Legge fram prosjektrapport som kan danne grunnlag for budsjettarbeidet for 2027 og økonomiplanen 2027-2030

Innsparingstiltak

ADM - Administrative innsparingstiltak - Formannskapet (år 1-4)

Tiltaket skal samle administrative innsparingar under formannskapsområdet for å bidra til ei meir effektiv og berekraftig drift i tråd med Gloppen kommune sitt mål om økonomisk balanse i perioden 2026–2029.

Tiltaket omfattar administrative grep som skal gje innsparingar utan å vesentleg endre tenestetilbodet til innbyggjarane våre.

Dette skal vi jobbe med for å realisere innsparinga:

- **Oppgåver og prosessar - kartlegging og forbetring (effektivisering/automatisering):**
 - Full oppgåvekartlegging for alle sentrale støttefunksjonar
 - Gjennomgå alle oppgåver med formål å identifisere oppgåver vi kan gjere mindre av, slutte å gjere, eller effektivisere/automatisere.
 - Kartlegge hovudprosessane våre
 - Dokumentere prosessar, prosedyrar og rutine
 - Etablere "For leiarar" og "For tilsette" områder på heimesida vår
 - Lage liste og prioritere områder/oppgåver som skal forbeistrast, og etablere ein struktur for kontinuerleg forbetring.
 - **Mål:** I første fase er målet å redusere timesaldoar på avdelingane, gje ei jamnare arbeidsfordeling, samt redusere sårbarheita vår. Deretter er målet å kunne redusere administrative årsverk ved naturlege avgangar utan at det påverkar tenesteleveransen internt eller mot innbyggjarane.
- **Interkommunalt samarbeid**
 - Identifisere oppgåver/områder vi kan samarbeide med andre kommunar om.
 - Sette i gang diskusjon om organisasjonsform på slikt samarbeid.
 - **Mål:** Sørge for ein mest mogleg effektiv drift av støttefunksjonar på tvers av kommungrenser.
- **Betre struktur på leiaropplæring:**
 - Lage opplæringsmateriell for nye leiarar
 - **Mål:** Stadige utskiftingar og nye leiarar er tidkrevjande for støttefunksjonane våre. Ved å lage strukturert opplæringsmateriell vil ein effektivisere dette arbeidet og forhåpentlegvis også gje betre læringsutbytte for mottakar.
- **KI satsing:**
 - Ta i bruk Smart-kontering for fakturahandsaming
 - Utnemne eit KI-råd som skal tileigne seg naudsynt kompetanse og kome med forslag til områder/prosessar der KI bør takast i bruk
 - **Mål:** At leiarar og øvrige tilsette i kommunen skal bruke mindre tid på oppgåver som KI kan løyse/forbetre/effektivisere. I første fase er målet å nytte KI-løysingar som er integrerte i eksisterande system (integrert KI), men samtidig koble seg på/tileigne seg kompetanse på øvrige KI områder (generativ KI og eigenutvikla KI)

- **Innkjøp av abonnement, lisensar og system:**
 - Kritisk gjennomgang av alle abonnement, lisensar og system med formål å kunne ned til eit minimum av det som er naudsynt
 - **Mål:** Redusere kostnader
- **Innkjøpsprosessar og avtalar:**
 - Sette opp ei prioritert liste over områder det skal etablerast innkjøpsavtalar på
 - Vurdere om avtala skal takast gjennom INSS, eller eigne anbudsprosessar
 - Forenkle og lage gode malar for ulike kategoriar av innkjøp
 - For å få fleire lokale leverandørar til å gje tilbod på anbod skal det inviterast til opplærings-øktar for lokale leverandørar, samt lagast eit område på nettsida for med relevant informasjon "For leverandørar"
 - **Mål:** Forbetre innkjøpsprosessane intern, samt gjere lokale leverandørar betre i stand til å levere tilbod til kommunen

Tiltaket er forpliktande og rapportert i tertialrapportane under kapittel «Status – administrative tiltak».

Tiltaket vert samordna med øvrige administrative tiltak i dei øvrige sektorane for å sikre felles retning.

Tiltaket støttar samfunnsplanen sin overordna strategi "I forkant" og særleg måla:

- 3.1.2 - punkt 4: *Utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon, som evner å møte utfordringar og behov på nye måtar. Planlegge langsiktig, og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.*
- 3.1.2 - punkt 5: *Halde fram med å ta i bruk ny teknologi i utvikling av tenestene*

ADM - Forventa administrativ innsparing Nordfjordnett (år 2-4)

Kostnadane til Nordfjordnett har auka veldig dei seinare åra:

- Drift: Auka frå 4.2 mno 2020 til 11.5 mnok i i budsjettet for 2026
- Investing: Investingane har variert frå år til år. I 2020 var Gloppen kommune sin ande 1.3 mnok, medan det i budsjettet for 2026 ligg til grunn ei investing på 3,1 mnok.

IKT Nordfjord utarbeider sitt budsjett kvart år. Budsjettet for 2026 finn de ved å gå på Stad kommune sin portal eller [trykke her](#).

Nordfjordnett har i dag eit datasenter i Måløy og eit reservedatasenter på Nordfjordeid. Fleire og fleire av dei datasystema som kommunane nyttar ligg i "skya" og datasentra, slik vi kjenner dei i dag, må difor utfasast. Det tar tid å fase desse ut og dette må planleggast godt. I løpet av økonomiplanperioden må det leggjast trykk på Nordfjordnett om at denne utfasinga skal planleggast og gjennomførast.

Gloppen kommune sitt styremedlem må vere med å legge press på Nordfjordnett om å gjennomføre utfasinga av dagens datasenter og samstundes ta ned (drifts-) bemanninga i vertskommunesamarbeidet.

Politiske vedtak

POL - Redusere medlemskap/tilskot - Inviro AS

Gloppen kommune betalar 30 000 kr årleg (eks.mva) til Inviro AS. Dette er ikkje lovpålagt, og tilskotet vert difor foreslått kutta.

POL - Redusere medlemskap/tilskot - Midtvegen 615 AS

Gloppen kommune betalar 20 000 kr årleg (eks.mva) til Midtvegen 615 AS. Dette er ikkje lovpålagt, og tilskotet vert difor foreslått kutta.

POL - Redusere medlemskap/tilskot - Nordfjordakademiet

Gloppen kommune betalar 200 000 kr årleg (eks.mva) til Nordfjordakademiet. Dette betstår av medlemskontigent på 1000 kr og serviceavgift på 199 000 kr. Dette er ikkje lovpålagt, og tilskotet vert difor foreslått kutta.

POL - Redusere medlemskap/tilskot - Studentstove, tilskot gjennom GN

Gloppen kommune betalar 40 000 kr årleg (eks.mva) til Studentstova/GN. Dette er ikkje lovpålagt, og tilskotet vert difor foreslått kutta.

POL - Redusere medlemskap/tilskot - Visit Nordfjord AS

Gloppen kommune betalar 280 000 kr årleg (eks.mva) til Visit Nordfjord AS. Dette er ikkje lovpålagt, og tilskotet vert difor foreslått kutta.

POL/KONS - Endre politisk organisering - Redusere kostnad gjennom å ta ned tal kommunestyre-representantar, møtefrekvens og endre delegeringsfullmakt

Beløpet på 110 000 kr per år er basert på:

- Gå ned frå 27 til 19 kommunestyrerepresentantar
- Gå ned frå 9 til 7 formannskapsmedlemmer

I tillegg til ei potensiell innsparing på 110 000 kr kjem evt. utbetaling av kompensasjon for tapt arbeidsforteneste. Ny berekning vert gjort når saka kjem opp til politisk handsaming hausten 2026.

Tiltaket vert løfta som ei eiga sak til politikken hausten 2026.

POL/KONS - Redusere medlemsskap/tilskot - Samarbeid i Nordfjord og IPR

Dette arbeidet må koordinerast med dei andre Nordfjordkommunane. Dialog er i gang.

Tiltak som ikkje er teke med i økonomiplanen

Beløp i 1000

	Prioritet	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
POL/KONS - Omorganisere næringsarbeid - Fjerne dagens næringsfunksjon. Yte årleg driftstilskot til Gloppen Næringsorganisasjon	1	-500	-500	-500	-500
Sum		-500	-500	-500	-500

Beskriving

POL/KONS - Omorganisere næringsarbeid - Fjerne dagens næringsfunksjon. Yte årleg driftstilskot til Gloppen Næringsorganisasjon

Status:

Dette tiltaket vart lagt inn av politikken i forbindelse med budsjetthandsaminga for økonomiplanen 2025-2028. Når vi no går inn i ein ny økonomiplanperiode, er status at tiltaket ikkje er iverksett. Bakgrunnen for det er todelt; (1) Kommunestyret har vedtatt Strategisk næringsplan som inneber at det ikkje er realistisk med redusert kommunal ressursbruk dersom tiltaka/måla i planen skal kunne realiserast, og (2) Dialogen kommunen har hatt med Gloppen Næringsorganisasjon har avklart at GN ikkje ser for seg at dei er i stand til å overta oppgåver som kommunen ivaretek no. Kommunedirektøren meiner difor at vedtaket slik det ligg føre, bør endrast. Kommunedirektøren syner til at det vil bli sett i verk eit eige prosjekt med mål om å ta ned ressursbruken til administrative funksjonar.

Opprinneleg beskriving:

I dette tiltaket ligg det til grunn at Gloppen kommune fjernar dagens næringsfunksjon (1 årsverk + andre utgifter), og erstattar det med eit årleg driftstilskot på 500 000 kr. Viser elles til sak 24/16593 (Organisering av næringsarbeidet i Gloppen) der dagens organisering er grunngjeve og samanlikna øvrige nabokommunar.

Nye tiltak

POL/KONS - Omorganisere næringsarbeid - Fjerne dagens næringsfunksjon. Yte årleg driftstilskot til Gloppen Næringsorganisasjon

Status:

Dette tiltaket vart lagt inn av politikken i forbindelse med budsjetthandsaminga for økonomiplanen 2025-2028. Når vi no går inn i ein ny økonomiplanperiode, er status at tiltaket ikkje er iverksett. Bakgrunnen for det er todelt; (1) Kommunestyret har vedtatt Strategisk næringsplan som inneber at det ikkje er realistisk med redusert kommunal ressursbruk dersom tiltaka/måla i planen skal kunne realiserast, og (2) Dialogen kommunen har hatt med Gloppen Næringsorganisasjon har avklart at GN ikkje ser for seg at dei er i stand til å overta oppgåver som kommunen ivaretek no. Kommunedirektøren meiner difor at vedtaket slik det ligg føre, bør endrast. Kommunedirektøren syner til at det vil bli sett i verk eit eige prosjekt med mål om å ta ned ressursbruken til administrative funksjonar.

Opprinneleg beskriving:

I dette tiltaket ligg det til grunn at Gloppen kommune fjernar dagens næringsfunksjon (1 årsverk + andre utgifter), og erstattar det med eit årleg driftstilskot på 500 000 kr. Viser elles til sak 24/16593 (Organisering av næringsarbeidet i Gloppen) der dagens organisering er grunngjeve og samanlikna øvrige nabokommunar.

Oppvekst

Innleiing

Kommuneområdet Oppvekst femner vidt; Frå svangerskap til alderdom. Frå det kulturelle til det intellektuelle. Frå liten til stor. Det løyser kommunen gjennom Familiehuset som rommar Helsestasjon, Psykisk helse og rus, PPT, Fysio/Ergo og Barnevern. Kommunen er barnehagemynde for 8 barnehagar i Gloppen, og eigar av 3 av desse. Vi har Kulturskulen som nyfeira femtiåring, og vi har Gloppen opplæringscenter som både gjev grunnskule og norskopplæring, men og spesialundervisning. Sist men ikkje minst, har kommunen ansvaret for grunnskulen (4 barneskular og ungdomsskule).

Oppvekstsektoren sitt hovudutval er Helse- og oppvekstutvalet. Ungdomsrådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er dei to råda som har flest saker frå Oppvekst innom seg for handsaming og uttale. Vi er ein del region Fjordane sitt oppvekstnettverk, og møtest og samarbeider om ulike saker 4 gongar i året. Vi har også eit regionnettverk i Nordfjord som jobbar tett om fleire samarbeid, og ikkje minst fordeler ein del midlar frå staten til regionen.

I 2026 vil vi utarbeide ein oppvekstplan for Gloppen. Denne vil sannsynleg vis legge viktige overordna føringar for retning og prioriteringar i åra som kjem. Vi må stadig tilpasse oss nye utfordringar. Det einaste konstante er endring. Kommunen må fokusere på å kunne nytte ressursane våre på ein betre måte til beste for innbyggjarane. Vi ser også at rekruttering av rett kompetanse er noko som vert stadig meir krevjande.

Oppvekstsektoren i Gloppen leverer gode tenester. I ulike kåringer, rangeringar, barometer og anna statistikk er vi rette enden av skalaen for alle tenestekområda våre. Dette kjem ikkje av seg sjølv, men skuldast dyktige tilsette med god kompetanse, og eit godt samarbeidsklima i organisasjonen. Sjølv om samarbeid er noko av det mest krevjande vi driv med, smittar det gode samarbeidet i kommunepolitikken også over på oss som skal gjere den daglege jobben.

Beskriving av verksemda i dag

Ansvarsområde og årsverk som ligg til grunn for budsjettet:

(Tala i parantes er budsjetterte årsverk i 2025)

- 20 - Oppvekst - 223 årsverk fordelt på 265 tilsette (223)
 - 2000 - Oppvekstsjefen - 1,4 årsverk (2,4)
 - 2101 - Nordstranda skule - 18,4 årsverk (18,8)
 - 2102 - Breim skule - 18,6 årsverk (18,8)
 - 2103 - Gloppen ungdomsskule - 33,3 årsverk (33,5)
 - 2104 - Hyen skule og barnehage -13,8 årsverk (13,4)
 - 2105 - Sandane skule - 39,8 årsverk (39)
 - 2204 - Breim barnehage - 22,2 årsverk (22,8)
 - 2208 - Mona barnehage - 26,2 årsverk (26,1)
 - 2300 - Familiehuset - 30,4 årsverk (28,7)
 - 2901 - Gloppen kulturskule - 10,5 årsverk (10,5)
 - 2902 - Gloppen opplæringscenter - 8,3 årsverk (9,2)

Detaljert beskriving av sektoren:

Oppvekstsjefen - ansvar 2000:

Under dette ansvaret er 1,0 årsverk som rådgjevar oppvekst, og 0,1 årsverk som superbrukar Vigilo (barnehagane og skulane sin kommunikasjonskanal med dei føresette). Det er i tillegg plassert mindre stillingar som er prosjektfinansierte, innanfor dette ansvaret. I Oppvekst er det meste av felles kursmidlar og lisensar i skule og barnehage plassert på dette ansvaret. Driftstilskotet til dei private barnehagane utgjer den største delen av budsjettet. Ein annan stor post er refusjonar knytt til vedtak om tilrettelegging og spesial-pedagogisk hjelp i barnehagane.

Grunnskule - teneste 20200:

Området består av 5 grunnskular. Samla elevtal er **713 (714)** i skuleåret 2025/26. Vi har i dag om lag 8 årsverk til leining, 63 årsverk til ordinær undervisning og 19 årsverk til tilrettelagt opplæring og forsterka norskopplæring. 9,8 årsverk vert nytta til andre funksjonar enn undervisning. Totalt omlag 92 pedagogårsverk. I tillegg er det 15,9 årsverk til assistentar og merkantile funksjonar.

Skulefritidsordning (SFO) - teneste 21500:

SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4. trinn, og til elevar med særskilte behov i 5.-7. trinn. For elevane på 1.- 3. trinn er 12 timar SFO-tilbod kvar veke gratis. Vi har SFO-tilbod på Breim, Sandane, Nordstranda og Hyen. Totalt nyttar vi 8,3 (6,6) årsverk til SFO-tilbodet i Gloppen. Det er **203** elevar som nyttar SFO, noko som er opp frå 176 elevar i fjor og ei dobling frå 2023. Dette har ein direkte samanheng med at tilbodet har blitt kostnadsfritt.

Barnehagane - teneste 20100/21100:

Vi har 3 kommunale barnehagar; Breim bhg. (**71** barn), Mona bhg. (**81** barn) og Hyen bhg. (**17** barn). Samla har barnehagane 54,4 årsverk i 2025. Driftstilskot til dei private barnehagehagane ligg under ansvaret til oppvekstsjefen, men høyrer til tenestene innanfor dette området. Driftstilskotet for 2026 er berekna til 35,6 mill. i tillegg kjem omlag 3 mill. til spesial-pedagogisk hjelp og tilrettelegging.

Det er 5 private barnehagar i Gloppen. Desse er finansierte gjennom driftstilskot frå Gloppen kommune og foreldrebetaling. Driftstilskotet vert rekna ut på bakgrunn av den kommunale barnehagedrifta 2 år tilbake i tid (kommunen sine reelle kostnader knytt til eiga barnehagedrift), og vert deflatorjustert årleg. Driftstilskotet til dei private barnehagane er budsjetttert på ansvaret til kommunalsjef Oppvekst. Dei private barnehagane får også refundert utgifter til barn som treng særskilt tilrettelegging og spesial-pedagogisk hjelp, samt søskenmoderasjon og kommunale vedtak om redusert foreldrebetaling.

Vaksenopplæring - teneste 21300:

Drifta til Gloppen opplæringscenter (GOS) ligg under dette ansvaret. GOS driv norskopplæring og grunnskule for vaksne, og dette er ein sentral del av introduksjonsprogrammet for flyktningane som vert busette i kommunen. GOS arrangerer også kveldskurs og norskopplæring for arbeidsinnvandrarar. GOS avviklar statsborgarprøve for dei som skal eller ønskjer å avlegge denne. Elevtalet ved GOS svingar mykje, og no er der om lag **80** elevar. Elevane er organisert i 6 ulike klasser ut frå behov, ferdigheitsnivå og tidlegare skulebakgrunn. GOS har budsjetttert med om lag 8,3 årsverk i 2026. Dette er ned 0,9 årsverk frå 2025. Etter kvart som mottaket av flyktningar igjen stabiliserer seg på eit normalt nivå, vi kapasiteten ved GOS kunne reduserast ytterlegare.

Kulturskulen - 38300:

Kulturskulen har om lag 10,5 årsverk inkludert dei 6 distriktsmusikarane i kommunen. Distriktsmusikarane vert delvis finansierte av fylkeskommunen (om lag 50 %). Kulturskulen har i 2025/26 om lag **330** elevplassar, og tilbyr undervisning i blåseinstrument, strykeinstrument, slagverk, piano, gitar/band,

song, visuell kunst, dans og musikkterapi. Kulturskulen tilbyr også undervisningstenester til fritidsmusikklivet, helsesektoren, grunnskulen, barnehagane og Firda vgs.

Kulturskulen sel teneste til arrangement både lokalt og regionalt, og lagar produksjonar som blir selde til "Den kulturelle skulesekken" og "Den kulturelle spaserstokken". 0,6 årsverk ved Kulturskulen er knytt til musikkterapi.

Familiehuset:

Familiehuset har 5 ulike avdelingar; Psykisk helse og rus, Fysio-ergotenesta, Barnevern, PPT og Helsestasjon. Familiehuset er organisert med ein felles tenesteleiar og 5 avdelingsleiarar. Samla er det om lag 30,4 årsverk i Familiehuset. Tenesta er samlokalisert i leigde lokale i 2. etasje i Grandane-bygget.

Psykisk helse og rus - funksjon 25800/23400:

Avdelinga dekkar alle aldersgrupper og alle typar problematikk som kan gi negative konsekvensar for den psykiske helsa (kronisk sjukdom/liding, livskriser, akutte hendingar, rus osv.) I størst grad gjeld dette tiltak med individuell behandling, men der er også auka ressursbruk knytt til felles førebyggjande tiltak som meistringstreff og undervisning. Tenesta driftar fleire dagaktivitetstilbod. Ca. 60 % ressurs går til arbeid med menneske med tidleg eller utvikla demens, og ein har 20 % ressurs i Hukommelsesteamet (samarbeid m/Fysio/Ergo). Det er tett samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta. Avdelingsleiar er også leiar for kommunen sitt psykososiale kriseteam. Avdelinga har 4,6 årsverk.

Fysio/Ergo tenesta - funksjon 23200/23300/24100/25300:

Avdelinga har om lag 8,1 årsverk fordelt på Frisklivsentralen, ergoterapi og kommunal fysioterapi. Driftstilskotet til private fysioterapeutar betalt ut (tilsvarande 2,5 driftstilskot fordelt på 4 private fysioterapeutar med sentralt regulerte satsar) ligg under dette ansvaret. Fysio-ergotenesta jobbar med førebyggjande, rehabiliterande og behandlande tiltak i alle aldersgrupper, og oppgåvespennet er stort (tverrfagleg samarbeid - kvardagsrehabilitering - rehabilitering i heimen og på institusjon – tilrettelegging – bustadtilpassing - tekniske hjelpemiddel rørsle/syn/hørsel/kognisjon - habilitering barn/vaksne - koordinering - opplæring - rettleiing - hukommelsesteam i samarbeid med psykisk helse - Sterk og stødig - Helseamtale - læring og meistringskurs – gruppetreningar – fysisk aktivitet – kosthald – snus/tobakk - søvn - opptrening – behandling - fallførebyggjande gruppetrening - motoriske vurderingar – stimulering – foreldrerettleiing – rettleiing i barnehage/skule - samarbeid med Nav, hjelpemiddelsentralen og spesialisthelsetenesta).

Barnevernstenesta - funksjon 24400/25100/25200:

Det er 6,3 årsverk knytt til barnevernstenesta - ein auke på 1 årsverk frå 2025. Barnevernstenesta driv sakshandsaming etter barnevernlova. Barnevernstenesta har eit samarbeid med tenestene Stad og Stryn om lovpålagt akuttberedskap. 2 tilsette frå Gloppen inngår i denne akuttberedskapen. Barnevernstenesta er del i rettleiingsprogram med BUFDIR som gir leiarstøtte på alle nivå frå politikk til dagleg leiing. I 2025 har det vore leigt inn ressurs frå vikarbyrå for å avhjelpe ein krevjande bemanningssituasjon, og det er framleis planlagt noko innleige i første halvår i 2026.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) - funksjon 20100/20200/21100:

Tenesta har 4 årsverk, inkludert avdelingsleiar og ei halv stilling som logoped. PPT har to hovudoppgåver; Hjelp barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbodet/opplæringa for barn/elevlar med særskilte behov, og utarbeide sakkunnig vurdering av behov for spesial-pedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning grunnskulen.

Helsestasjon og skulehelseteneste - funksjon 23200:

Helsestasjonen har 6,4 årsverk. Her ligg det både stillingar som helsesjukepleiar, lege og fysioterapeut. Jordmorteneste kjøper vi frå Helse Førde ved jordmorsenter på Nordfjordeid. Det knyter seg usikkerheit til vidare avtale med Helse Førde både frå begge partar (ref. diskusjonen kring "God start"-tilbodet ved Nordfjord Sjukehus). Helsestasjon sine oppgåver er å drive førebyggjande og helsefremjande arbeid retta mot barn, ungdom og familiar gjennom svangerskapsomsorg og helsestasjon for barn 0-5 år. Vidare driv vi skulehelseteneste i barneskule, ungdomsskule og på Firda vgs og Helsestasjon for ungdom.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett	204 644	204 644	204 644	204 644
Sum Tekniske justeringar	20 391	20 391	20 391	20 391
Sum Løns- og prisvekst	851	851	851	851
Konsekvensjusteringar	21 242	21 242	21 242	21 242
Konsekvensjustert ramme	225 886	225 886	225 886	225 886
Innsparingstiltak				
ADM - Administrative innsparingstiltak - Oppvekst (år 2-4)	0	-500	-600	-600
KONS - Nedskalere tenestetilbod - Vaksenopplæring	-175	-425	-425	-425
KONS - Planlagt netto bruk/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4)	0	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak	-175	-1 425	-1 525	-1 525
Politiske vedtak				
POL - Avslutte kjøp av barnehageplassar i andre kommunar	-290	-180	-180	0
POL - Felles stenging av alle barnehagane i Gloppen 3 veker på sommar	-120	-120	-120	-120
POL - Redusere tenestenivå midlertidig - Vakant stilling PPT	-265	0	0	0
POL - Redusere tenestetilbod - fysioterapi	-205	-500	-500	-500
POL - Redusere tenestetilbod - Grunnskule, pedagog	-1 400	-3 400	-3 400	-3 400
POL - Redusere tenestetilbod - helsestasjonen	-200	-230	-230	-230
POL - Redusert grunnbemanning i barnehage	-800	-1 700	-1 700	-1 700
POL - Redusert tenestetilbod - Grunnskule, assistent	-290	-700	-700	-700
POL/KONS - Redusere tenestetilbod - Kulturskulen	-500	-500	-500	-500
Sum Politiske vedtak	-4 070	-7 330	-7 330	-7 150
Nye tiltak og realendringar	-4 245	-8 755	-8 855	-8 675
Ramme 2026-2029	221 641	217 131	217 031	217 211

Samandrag budsjett**Konsekvensjustert budsjett:**

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad synleggjere konsekvensane av å oppretthalde noverande aktivitet/teneste/tenestenivå, justert for venta pris-/løns-/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden frå 2026 inkluderast i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal med andre ord synleggjere dei budsjettmessige konsekvensane av uendra politikk, og danne grunnlag for å vurdere omprioriteringar. Budsjettering blir gjort med fleire usikre faktorar, og det er lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekt vurdering av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane som er brukt for vurderingane, skal leggjast fram slik at det i størst mogleg grad vert synleggjort kva handlingsrom som er tilgjengeleg innanfor dei ulike sektorane, og kvar dei største usikkerheitene ligg.

Hovudpremissane bak det konsekvensjusterte budsjettet i sektoren Oppvekst:

- Berekna lønsoppgjer i 2026 er lagt på sentralt ansvar 9000, og vil bli fordelt ut i løpet av 2026.
- Barnehage - driftstilskotet pr barn (små kr 320 479 (272 318)/store 172684 (139 954) og sentrale satsar for kapitaltilskot er vedteke. Den store auken (ref. tala i parentes) skuldast i hovudsak kompensasjon for redusert foreldrebetaling.
- Barnehage - for driftstilskot er det lagt til grunn godkjenningstala i dei private barnehagane. Det er lagt til grunn kjende vedtak pr. okt. 25.
- Barnehage - for dei kommunale barnehagane er det lagt til grunn avdelingar som i dag.
- Barnehage - det er teke utgangspunkt i satsar i framlagt statsbudsjett for foreldrebetaling og moderasjonsordningar.
- SFO - det er lagt til grunn omlag 200 barn i SFO, med same organisering som i dag.
- Flyktingar det er lagt til grunn noko redusert busetting framover.
- Barnevern/fosterheim - det er lagt til grunn kjøp av skuleplass/barnehage i andre kommunar på nivå som idag. Fosterheimar er det lagt til grunn ein auke på 3 frå 2025.
- Skuleskyss er lagt til grunn takstar og elevtal med skyss som i dag, med normal prisvekst. Takstane vert bestemt av fylkeskommunen.

Detaljert informasjon per tenestekområde:

Oppvekstsjefen

Her er aktiviteten planlagt som før. Vi ser alltid etter prosjektmidler som passar til det vi ynskjer å fokusere på og løfte fram. Dette skaper handlingsrommet i eit stramt budsjett. Mange av prosjektstillingane vert lagt under dette ansvaret.

Grunnskule, SFO og skuleskyss

Vi har Dekomp-prosjekt (Desentralisert kompetanseordning for skule med midlar frå staten) på fire skular i 2025/26 i samarbeid med Høgskulen i Vestland. Nokon i startfasen og andre i avslutning.

Det er ei utfordring med dyre læremiddel, der særskilt brukarlisensar utgjer ein stor del av kostnadene. I statsbudsjettet ligg det ei tilskotsordning til meir praktisk og variert undervisning for 5.-10 trinn. Der vil vi få rundt 190 000 kr. i 2026. Rentekompensasjonsordninga for utstyr og arenaer for praktisk og variert undervisning, er utvida. Vi har ikkje søkt på denne ordninga per dato.

Barnehagane

Vi har eit felles Rekomp-prosjekt (Regional kompetanseordning for barnehage - statlege midlar) for dei pedagogiske leiarane i alle barnehagane i Gloppen. i 2026 må vi sjå på organisering av vikarhandteringa i barnehagane og moglege variantar av arbeidstidsordningar for å gjere jobbane meir attraktive.

Vaksenopplæring

Aktiviteten på Gloppen opplæringscenter er basert på det vi kjenner i dag. Tal busette flyktingar vil vere avgjerande både for aktiviteten og inntektene. Det same vil regleverket, spesielt knytt til dei ukrainske flyktingane sine rettar vere. Undersøking utført av KS, syner at tilskotet pt. ikkje dekkjer kommunane sine kostnader (91 % kostnadsdekning). Framlegget til statsbudsjett legg heller ikkje opp til deflatorjustering av tilskotet. Dette vil auke gapet ytterlegare.

Kulturskulen

Kulturskulen planlegg aktiviteten som før. Kor stor ressurs Firda vgs treng å kjøpe, vil alltid vere litt varierende. Det same gjeld eksternt sal av tenester. Kulturskulen har eit felles samspelsprosjekt med kulturskulen i Stad som vi har fått midlar til.

Familiehuset

Drifta er planlagt som i 2025. Det vert stadig søkt om ulike prosjektmidlar som gjer at behova for stillingar kan endre seg. Vi er igang med å utdanne to tilsette slik at dei får PMTO-kompetanse (kompetanse i foreldrerettleiing). Gjennom dette kan Gloppen verte TIBIR-kommune (tidleg innsats barn i risiko). Det er planlagt eit utviklingsarbeid på PPT i samarbeid med KS konsulent og grunnskulane. Vert det kutt i tenesta her, må tiltaket truleg setjast på vent.

Oppvekst med "Gloppenbriller" på i statsbudsjettet:

- Ny ordning for kompetanse- og karriereutvikling skule og barnehage. Vil truleg ikkje vere meir å hente for Gloppen her enn vi gjer i dagens system
- Tilskot til praktisk læring i alle fag vert auka i kroner, og vert utvida til også å gjelde for 1. -4. klasse, dvs heile grunnskulen. For Gloppen betyr dette om lag kr 200 000,-
- Det skal utviklast nye verktøy, skulemiljøundersøkelser og læringsstøttande prøver.
- Lesemilliarden - leseløft komande åra, 120 mill. til fysiske lærebøker og 50 mill. til skulebibliotek med meir. Gloppen kan truleg få 120 000,- i 2026.
- Ny tilskotsordning førebyggjande tiltak barn og unge. Dette er samling av tidlegare ordningar, og det er truleg at Gloppen vil søkje og få tildelt midlar på denne posten.
- Barnevern - midlar som truleg er søkbare, men lite truleg at Gloppen får noko frå denne potten.
- Psykisk helse - midlar som truleg vert søkbare for kommunane, men lite truleg Gloppen får noko frå denne potten.
- Barnehage - forslag om framleis makspris på kr 700,- i Gloppen.
- Barnehage - ein del midlar til rekruttering og utdanning av tilsette.
- Barnehage - 200 millionar til toppa bemanning i barnehage, omlag kroner 200 000,- av denne potten vert tildelt Gloppen.

Oppvekst i økonomiplanperioden

Vi har starta arbeidet med oppvekstplanen. Dette arbeidet skal munne ut i tydelege prioriteringar og satsingar innanfor oppvekst i åra framover. Planen vil bli handsama politisk i 2026. Nokre av dei utfordringane vi står overfor, er:

- Kunnskapsgrunnlaget peikar på 3 utfordringar innanfor oppvekst;
 1. Barn og unge er mindre sjølvstendige og robuste enn tidlegare
 2. Aukande utagerande åtferd i barnehage og skule
 3. Aukande bekymringsfullt fråvær heilt ned i småskulen.Alt dette krev store ressursar og krevjande tilrettelegging.
- Ei aldrande befolkning vil krevje meir teneste frå Fysio-ergotenesta for å kunne klare seg sjølv og bu heime lengst mogleg.
- Auka individuelle rettar gjennom lover, forskrifter og rettleiarar vil krevje mykje å følgje opp på alle område. Det følgjer ikkje tilstrekkelege økonomiske ressursar med desse rettane.
- Vi ser fleire samansette og komplekse saker som krev tverrfagleg samarbeid, fagleg kompetanse og store ressursar for å løyse.

- “God start” og svangerskapsomsorg. Her er det stor usikkerheit om kva løysing som vert i 2026. Det er lagt til grunn i budsjettet at vi held fram med samarbeidet med Helse Førde.
- Mottak av flyktningar krev naudsynt bemanning, eit godt tilbod og inkludering av flyktningane i tenestene våre.
- For barnehagane vert rekruttering og halde på tilsette med rett kompetanse, ei aukande utfordring. Færre studentar tek barnehagelærerutdanning. Bemanning og opningstid vert strekt. Det er aukande og klare forventningar om barnehagen som ein pedagogisk arena, og arena for den viktige tidlege innsatsen.
- Skulane har same utfordringar med rekruttering av kompetansepersonell. Særskilt syner dette seg i småskulen. Studentar søkjer seg mest mot dei høgare klassetrinna, og søkjartala til utdanninga har gått ned. Vi ser fleire elevar som strevar med å tilpasse seg skulekvardagen. Dersom dette skal betrast krev det ressursar. Vi ser også fleire komplekse skulemiljøsaker, og at det er utfordrande å gje eit godt tilbod til dei framandspråklege elevane våre.
- Både barnehagane og skulane har utfordringar med å få tak i fagleg kvalifiserte vikarar.
- Gratis SFO utfordrar oss på kva tilbod vi kan gje, og det auka plassbehovet dette fører med seg.

Kommunalsjef oppvekst si vurdering:

Kommunen må drive tenestene sine innanfor dei rammene som er tilgjengelege. Vi har eit høgt og godt tenestetilbod, og vi har høg kvalitet på det vi leverer av tenester. Målet må vere at mest mogeleg av midlane våre går til tenestemottakarane våre, og til dei av desse som treng det aller mest. Så er det slik at krava til å drifte ein kommune er massive i form av lover, forskrifter, rettleiarar og retningslinjer. Skal vi vere på den rette sida, krev det internkontroll, dokumentasjon og leiing. Dette er vanskeleg å få til å gå løyse innanfor dagens rammer, og kvaliteten på tenestene våre vil gå ned.

Dei tilsette kan ikkje “springe fortare”, og tenestemottakarane vil merke dette. Nesten ingen av kuttforslaga i tiltakslista for oppvekst er ønskelege. Dei vil ha ein konsekvens som fort kan koste kommunen meir pengar. Det som smertar mest, er å foreslå kutt i barnehagebemanninga, når vi berre etter nokre månader ser kva ekstra bemanning gjer for dei avdelingane vi har testa dette ut. Kutt i fysioterapitenesta er også eit lite ønskeleg tiltak, som fort kan skape lengre ventelister og auka tal sjukmeldingar. Eldre vil kunne trenge hjelp frå helse på eit tidlegare tidspunkt.

Innsparingstiltak

ADM - Administrative innsparingstiltak - Oppvekst (år 2-4)

Tiltaket er å redusere utgiftspostar utanom løn, i første rekkje innkjøp av varer og tenester.

Konsekvens er at trange budsjett vert endå strammare.

KONS - Nedskalere tenestetilbod - Vaksenopplæring

Gloppen opplæringssenter (GOS) har i konsekvensjustert budsjett teke ned bemanninga med omlag eit årsverk for heile 2026. Tiltaket legg til grunn å ta ned ytterlegare eit halvt årsverk til frå skuleåret 26/27. Nedbemanning vil sjølvsagt henge nøye saman med busetting av flyktningar og kva type flyktningar vi tek imot.

Tiltaket legg til grunn at vi må ha minst 2 klasser førebuande opplæring vaksne (FOV - grunnskule) og 3 norskgupper.

Gloppen opplæringsssenter har og tiltak og opplæring av personar med andre behov enn grunnskuleopplæring av vaksne og norskopplæring, noko av dette vert dekkja med midlar vi får refundert.

Viser forøvrig til tiltaket om å redusere talet flyktningar ytterlegare frå 25 i 2026 og ned til eit nytt normalnivå på 20 frå 2027. Også Gloppen opplæringsssenter vil verte påverka av dette, og det kan kome ytterlegare nedskalering av tenestetilbodet i forbindelse med dette.

KONS - Planlagt netto bruk/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4)

Bruk av fondsmidlar frå ulike prosjekt som vert inntekstført utan at vi aukar med tilsette utover dei faste vi alt har. Det betyr at prosjekt må løysast innanfor eksisterande bemanning.

Politiske vedtak

POL - Avslutte kjøp av barnehageplassar i andre kommunar

Gloppen kommune har eit politisk prinsippvedtak (Oppvekstutvalet 023/23) om å kjøpe barnehageplassar i andre kommunar:

Kommunedirektøren si tilråding

Oppvekstutvalet legg til grunn følgjande prinsipp ved kjøp av barnehageplassar i andre kommunar: Geografisk er det berre aktuelt å vurdere i Hyen, vest om Nesholmen for foreldre som jobbar i annan kommune. Eit vedtak om kjøp av barnehageplassar skal vere tidsavgrensa fram til barnet skal til på siste året i barnehagen. Endrar foreldre arbeidsstad, skal det søkjast på nytt. Søknader skal behandlast politisk.

Kommunedirektøren foreslår at denne praksisen vert avslutta på grunn av økonomi. Vurderinga er busetting og innbyggartilskot som vil tilfalle kommunen ved tilflytting og nye barn, alternativt misse ved fråflytting. Det vil slik prognosene ser ut for Hyen barnehage vere plass til aktuelle barn der utan at vi må gjere noko med bemanning verken opp eller ned. Utifrå alder på barna som vi kjøper plass for i dag vil den økonomiske innsparinga vere avgrensa i perioden. Kommunestyret bør gje eit signal om kva prinsipp vi skal halde på framover med tanke på kjøp av barnehageplassar.

I reknestykke over er det lagt til grunn nasjonale satsar for 2026.

POL - Felles stenging av alle barnehagane i Gloppen 3 veker på sommar

Tiltaket vil vere å auke frå 2 til 3 veker feriestengt barnehage frå sommaren 2026. Det betyr at vi må endre barnehageruta for både 25/26 og 26/27.

Barnehagebarn skal ha 3 veker samanhengande ferie og 4 veker i løpet av året.

Fordel vil vere økonomisk sparing, vi vil få betre utnytting av personale, då ofte mange er påmelde plass i barnehagen, men kjem ikkje. Ulemper vil vere at ferieturnus for 2026 må drøftast på nytt, sommarjobb i barnehage for studentar kan verte mindre interessant pga færre dagar. Ferievikarar er god rekruttering til yrket. Det vert mindre fleksibilitet for foreldre i ferieavvikling. Turnus i Helse og velferd kan verte meir krevjande å få på plass.

POL - Redusere tenestenivå midlertidig - Vakant stilling PPT

Tiltaket er å la ei stilling stå vakant fram til 1. august 2026, dette i samband med pensjon.

Konsekvens: redusert kapasitet på sakshandsaming medfører brot på barnehagelova/opplæringslova og forvaltningslova når det gjeld tidsfristar for sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og individuelt tilrettelagt opplæring i grunnskulen. Har allereie slike brot i 2025 utan redusert bemanning. Fare for sjukmelding blant tilsette. Avdelingsleiar må ta på seg sakshandsamaroppgåver, mindre tid til å vere tenesteleiar. Utsetjing av planlagt utviklingsarbeid med KS Agenda.

Vi må bruke tida til å vurdere stillinga og stillingsstørrelse.

POL - Redusere tenestetilbod - fysioterapi

Gloppen har god dekning innanfor fysioterapi, kommunen jobbar godt med frisklivssentral og førebyggjande i høve sjukefråvær.

Kostratala syner slik dekning av fysioterapiårsverk:

Kommunehelse				
	Datakjelde	Gloppen 2023	Gloppen 2024	Kostragruppe 04
► Dekningsgrad				
◄ Kvalitet				
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	KOSTRA	15,4	14,8	11,4

POL - Redusere tenestetilbod - helsestasjonen

Tiltaket har i utgangspunktet to tiltak i seg:

- 10% vakant stilling som helsesjukepleiar vert redusert
- 10% reduksjon i helsestasjonslege frå 20% til 10% stilling

Konsekvens vert mindre ressurs til å vere tilstades på skulane for helsesjukepleiar. Helsestasjonslege sin ressurs vil vere meir i tråd med faktisk tid brukt på helsestasjonen. Lågare fødselstal og færre flyktningar er med å forsvare reduksjonen.

POL - Redusert grunnbemanning i barnehage

Eit årsverk redusert stilling til systemarbeid/spes.ped tiltak i dei kommunale barnehagane.

Redusert grunnbemanning frå 3,1 til 3,0 pr 3 småbarn eller 6 storbarn. 3,0 er gjeldande bemanningsnorm.

POL - Redusert tenestetilbod - Grunnskule, assistent

Tiltaket er å ta ned eit årsverk på assistent/miljøarbeider i grunnskulane.

POL/KONS - Redusere tenestetilbod - Kulturskulen

Tiltaket var vedteke i økonomiplan for 2026. Det vart ikkje iverksett som følge av permisjon på kulturskulen og eit arbeid med å knyte stillingsressursen til musikkterapi meir direkte til helse- og velferd og skule og barnehage. Det må vere noko av arbeidet vidare, men vedtaket betyr at vi må sjå det totale tilbodet på kulturskulen.

Tiltak som ikkje er teke med i økonomiplanen

Beløp i 1000

	Prioritet	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
POL - Ekstra barnehageplassar våren 2026	1	1 500	0	0	0
POL - Jobbmoglegheit for unge (ønske frå Ungdsområdet)	1	50	50	50	50
POL - Ungdomsinfluensar (ønske frå Ungdsområdet)	1	50	50	50	50
POL/KONS - Styrke grunnbemanning i barnehagane	1	700	1 700	1 700	1 700
Sum		2 300	1 800	1 800	1 800

Beskriving

POL - Ekstra barnehageplassar våren 2026

I kommunestyresak 077/25 vart det gjort følgjande vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen gjere det nødvendige arbeidet for å få oppretta nye midlertidige plassar i barnehagane der det er mogleg våren 2026, etter dei behova som er oppgjeve i saka. Saka kjem til endeleg vedtak i den ordinære budsjettbehandlinga for 2026.

Kostnad er sett til 1,5 million. Kostnaden er usikker, det vil avhenge i kva barnehagar plassane vert oppretta, kva kompetanse vi får rekruttert og faktisk tal plassar og frå kva tidspunkt barnehageplassane er på plass. Døme på 2 ulike utrekningar under. 1,5 million er midt i laget her og truleg vil det vere tilstrekkeleg. Kostnaden med tapte skatteinntekter, innbyggartilskot og liknande vert ikkje rekna på her.

Driftstilskot småbarn 26707,-/mnd x 8 = 213656,- pr barn x 9 barn = 1922904 + kaptils. Alternativt 3 stillingar i 8mnd, totalt 2 årsverk assistent = 1,1mill

POL - Jobbmoglegheit for unge (ønske frå Ungdsområdet)**POL - Ungdomsinfluensar (ønske frå Ungdsområdet)****POL/KONS - Styrke grunnbemanning i barnehagane**

Tiltaket vil vere å auke grunnbemanning/sikre ein vikarressurs i dei kommunale barnehagane utover det som ligg i barnehagane i dag.

Nye tiltak

POL - Ekstra barnehageplassar våren 2026

I kommunestyresak 077/25 vart det gjort følgjande vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen gjere det nødvendige arbeidet for å få oppretta nye midlertidige plassar i barnehagane der det er mogleg våren 2026, etter dei behova som er oppgjeve i saka. Saka kjem til endeleg vedtak i den ordinære budsjettbehandlinga for 2026.

Kostnad er sett til 1,5 million. Kostnaden er usikker, det vil avhenge i kva barnehagar plassane vert oppretta, kva kompetanse vi får rekruttert og faktisk tal plassar og frå kva tidspunkt barnehageplassane er på plass. Døme på 2 ulike utrekningar under. 1,5 million er midt i laget her og truleg vil det vere tilstrekkeleg. Kostnaden med tapte skatteinntekter, innbyggartilskot og liknande vert ikkje rekna på her.

**Driftstilskot småbarn 26707,-/mnd x 8 = 213656,- pr barn x 9 barn =1922904 +
kaptils. Alternativt 3 stillingar i 8mnd, totalt 2 årsverk assistent =1,1mill**

POL/KONS - Styrke grunnbemanning i barnehagane

Tiltaket vil vere å auke grunnbemanning/sikre ein vikarressurs i dei kommunale barnehagane utover det som ligg i barnehagane i dag.

Helse og velferd

Innleiing

Helse- og velferdssektoren i Gloppen kommune har mange dyktige og engasjerte medarbeidarar som kvar dag legg ned ein stor innsats med å levere gode teneste til brukarar, pasientar, pårørande og innbyggjarar i Gloppen. Dei tilsette i sektoren arbeider kontinuerleg med ulike forbetringstiltak som skal kome brukarane til gode, og legge grunnlaget for at den kommunale drifta skal verte endå meir effektiv (både driftsmessig og økonomisk).

Samarbeidet med politisk leiing (Helse- og oppvekstutvalet), dei politisk valde råda (Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne), administrasjonen, verneomboda, dei tillitsvalde og innbyggjarane, opplevast som tillitsfullt og godt.

Fleksibilitet og omstillingsvilje/-evne er avgjerande, sidan kommunen stadig får nye oppgåver, og må handtere ytre forhold og endringar som påverkar oppgåveløysinga og tenesteytinga. Dette er utfordrande, men skaper samstundes rom for kreativitet og nye løysingar.

I den tekstlege delen vidare blir det orientert grundigare om sektoren sine utfordringar og strategiar, og det vert gitt eit samandrag av budsjettet for dei ulike tenestedområda.

Beskriving av verksemda i dag

Årsverk som ligg til grunn for budsjettet innan dei ulike ansvarsområda:

Område	Bud. 2025	Bud. 2026	Endring	Kommentar
3000 - Helse-og omsorgssjef	2,8	8,4	5,6	Endringane skuldast flytting av fem tenesteleiarar og to legefunksjonar frå andre ansvar. Tatt ned vakant stilling (-0,25 årsverk)
3100 - Legekontor	8,6	6,6	- 2,0	Endringane skuldast flytting av tenesteleiar og legefunksjonar til ansvar 3000.
3200 - Busetting og integrering	6,0	5,0	- 1,0	Endringane skuldast flytting av tenesteleiar til ansvar 3000
3300 - Heimetenesta	50,5	50,2	- 0,3	Endringane skuldast flytting av tenesteleiar til ansvar 3000 og auka årsverk som følg av fast vikar som ikkje var lagt inn på årsverk i 2025
3600 - Miljøarbeidartenesta	70,4	77,2	6,8	Endringane skuldast flytting av tenesteleiar til ansvar 3000 og auka årsverk for å dekke ressurskrevjande brukarar og 3 faste vikarar. Aukn i årsverk fører til auka lønnsutgifter i budsjett 2026, aukn på ressurskrevjande vil føre til refusjon frå staten på omlag 80%
3700 - Bu- og omsorgstenesta	96,4	101,8	5,4	Endringane skuldast flytting av tenesteleiar til ansvar 3000 og auka årsverk knytt til ressurskrevjande brukarar utan refusjonar (over 67 år), 3 faste vikarar og omgjeriing av stillingar til matvertar
Sum	234,7	249,2	14,5	Endringane frå 2025 til 2026 syner flytting av 5,6 årsverk til ansvar 3000, flytting av lønnsutgifter til stillingsbudsjett som medfører auke i årsverk (faste vikarar) og nye årsverk knytt til ressurskrevjande brukarar, med og utan refusjonar (ingen refusjonar over 67 år).

Detaljert orientering om sektoren:

Kommunalsjefen for Helse og velferd

Kommunalsjefen sin stab har 10 tilsette (8,4 årsverk fordelt på sakshandsamarar, sakshandsamar/-rådgjevar, fagsjukepleiar, fem tenesteleiarar, rådgjevar legeteneste og kommuneoverlege). Sentrale oppgåver er sakshandsaming og vedtak om teneste-tildeling, koordinering av tenestetilbod innanfor eigen sektor og på tvers av sektorar. Kommunalsjefen sin stab har elles ansvaret for:

- Kontakt med helseføretaket

- Støttekontaktordning
- Fagsystemansvar, fagutvikling, opplæring
- Koordinerende eining
- Utviklings- og prosjektarbeid
- Medisinfagleg rådgjeving
- Miljøretta helsevern
- Digitalisering og personvern
- Planarbeid
- Førebuing av politiske saker

Legetenesta

Legekontoret har 16 tilsette (6,6 årsverk). I tillegg kjem tenesteleiar, kommuneoverlege og fagleiar legesenter/legevakt. Det er dei sjølvstendig næringsdrivande legane og legevikarar, sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og bioingeniør som utgjer legetenesta. Gloppen har 8 privatpraktiserande fastlegar, og alle desse deltek i legevakta vår. I tillegg har vi til ei kvar tid LIS1-lege (turnuslege) i 6-månads periodar.

Nokre av legane har mindre kommunale stillingar knytt til ulike fagområde, og desse inngår i talet på årsverk for tenesta. Fagområda er smittevernarbeid, legevakt, helsestasjon, skulehelseteneste og tilsynsteneste for institusjon. Gloppen har eiga legevakt, og på dagtid vert legevaktmottaket handtert av tilsette på legesenteret. Vi samarbeider med Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt (SYS IKL) som svarar legevaktstelefonen 116 117 heile døgnet, i tillegg svarar dei alle telefonar på ettermiddag, kveld og natt, samt helg og høgtid.

Busetting og integrering

Tenesta Busetting og integrering har 5 tilsette (5 årsverk). I tillegg kjem tenesteleiar (1 årsverk). Tenesta inkluderer Flyktingteneste og bustadkonsulent.

Bustadkonsulenten har ansvar for leige av bustader til framleige. Kommunale bustader vert nytta til vanskelegstilte i bustadmarknaden, eldre med særskilte behov og flyktningar. Pr. i dag disponerer kommunen 101 bustadar (eigde/leigde). Bustadkonsulent og sakshandsamar i Busetting og integrering har ansvar for handsaming av søknader om Startlån. I 2025 var ramma 15 mill. Den er foreslått auka til 20 mill. i 2026 ut frå det behovet vi ser.

Flyktingtenesta har ansvar for oppfølging av flyktningar i introduksjonsprogrammet. I 2025 har det vore opp til 23 deltakarar i programmet. Tenesta busetter flyktningar etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), og koordinerer det kommunale integreringsarbeidet og tenestetilbodet. Tenesta samarbeida med privat verksemdar og frivillige organisasjonar. Dei har ei viktig rettleiarrolle overfor kommunen sine samarbeidsaktørar knytt til fleirkulturell forståing. I Gloppen kommune er det 212 personar busett innafor 5-års perioden, og mange av desse får framleis oppfølging frå tenesta.

Heimetenesta

Gloppen heimeteneste har 66 tilsette (50,2 årsverk). I tillegg kjem tenesteleiaren (1 årsverk). Det vert ytt teneste til 215 brukarar. Heimetenesta legg til rette for og gjev naudsynt helsehjelp til heimebuande brukarar i alle aldrar.

Tenesta har døgntkontinuerleg drift. Heimetenesta utfører eit breitt spekter av oppgåver (måltidshjelp, prøvetaking, målingar, sårstell og medikamenthandtering). Tenesta fokuserer særskilt på kvardagsrehabilitering og meistring for å oppretthalde og betre funksjonsnivået hos brukarane. Tenesta har ressurspersonar som arbeider med velferdsteknologi, kreftpasientar og demensomsorg.

Miljøarbeidartenesta

Miljøarbeidartenesta har 97 tilsette (77,2 årsverk) fordelt på 3 avdelingar. Tenesta har 64 brukarar. Brukargruppene er barn og vaksne personar med utviklingshemming, behov for habilitering, rus- og/eller psykisk lidning.

Tenesta har fagpersonell innan sjuke- og vernepleie og miljøterapi i tillegg til fagarbeidarar og assistentar. Det er eit overordna mål at brukarane skal halde ved like ferdigheiter, evne til eigenmeistring og høve til å ha sjølvstendige liv ut frå egne ynskje og føresetnader. Tenesta arbeider etter den nasjonale rettleiaren "Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming". Særskilte satsingsområde for Miljøarbeidartenesta er kvardagsmeistring, førebyggjande arbeid knytt til bruk av tvang og makt, brukardeltaking i kulturelle aktivitetar, psykisk utviklingshemming og aldring. Gloppen har mange særskilt ressurskrevjande brukarar.

Bu- og omsorgstenesta

Bu- og omsorgstenesta har 165 tilsette (101,8 årsverk). I tillegg kjem tenesteleiaren (1 årsverk). Tenesta har 74 brukarar, og har fagpersonell innan sjukepleie, helsefag, pleiemedarbeidarar, kokkar, kjøkkenassistentar og reinhaldarar.

Tenesta samarbeider tett med pårørande, heimetenesta, fysio-ergo tenesta og lege- og spesialisthelsetenesta. Tenesta har 5 avdelingar - alle med heildøgns plassar (Oreteigen - 2. etasje ved omsorgssenteret, korttidsavdeling, rehabiliteringsavdeling, kommunale akutte døgnseger (KAD-eining) og skjerma avdeling (demens). Utanfor omsorgssenteret ligg Gotatoppen. Tenesta femner også om Gloppen kommunale kjøkken og vaskeritenesta til brukarane.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett	205 100	205 100	205 100	205 100
Sum Tekniske justeringar	15 967	15 967	15 967	15 967
Sum Løns- og prisvekst	-557	-557	-557	-557
Konsekvensjusteringar	15 410	15 410	15 410	15 410
Konsekvensjustert ramme	220 510	220 510	220 510	220 510
Innsparingstiltak				
ADM - Administrative innsparingstiltak - Helse og velferd (år 2-4)	0	-500	-500	-500
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av bilar - helse	-50	-50	-50	-50
Sum Innsparingstiltak	-50	-550	-550	-550
Nytt tiltak				
KONS - Eigeninnsats i forbindelse med innføring av nytt pasientjournalssystem	0	2 000	0	0
Sum Nytt tiltak	0	2 000	0	0
Politiske vedtak				
POL - Redusere mottak av flyktningar	0	-500	-500	-500
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, ambulerande verksemd (25800)	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, bufellesskap/samlokaliserte omsorgsbustadar (25700)	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, institusjon (25300)	-200	-200	-200	-200
Sum Politiske vedtak	-3 200	-3 700	-3 700	-3 700
Nye tiltak og realendringar	-3 250	-2 250	-4 250	-4 250
Ramme 2026-2029	217 260	218 260	216 260	216 260

Samandrag budsjett

Konsekvensjustert budsjett:

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad synleggjere konsekvensane av å oppretthalde aktivitetar/teneste/tenestenivå på noverande nivå, justert for venta pris-/løns-/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden frå 2026, inkludert i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal med andre ord synleggjere dei budsjettmessige konsekvensane av uendra politikk, og danne grunnlag for å vurdere omprioriteringar. Budsjettering blir gjort med fleire usikre faktorar, og det er lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekt vurdering av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane som er bruk for vurderingane skal leggjast fram, slik at det i størst mogleg grad vert synleggjort kva handlingsrom som er tilgjengeleg innanfor dei ulike sektorane og kvar dei største usikkerheitene ligg.

Budsjettendringar frå 2025 til 2026; Budsjettendringane frå 2025 til 2026 skuldast hovudsakleg

Auke i budsjett:

- Auke i årsverk og stillingsbudsjett knytt til ressurskrevjande brukarar
- Reduserte inntekter frå statleg integreringstilskott

Reduksjon av budsjett:

- Meir refusjonar knytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år
- Mindre utgifter til kjøp av tenestetilbod

Hovudpremissane bak det konsekvensjusterte budsjettet i sektoren Helse og velferd

Følgjande føresetnader/tal er lagt til grunn:

- Berekna lønsoppgjer i 2026 er lagt på sentralt ansvar 9000, og vil bli fordelt ut i løpet av 2026.
- 249,2 årsverk (353 tilsette) i løns- og detaljbudsjett for å yte tenester i helse og velferd
- 374 tenestemottakarar
- Refusjonar ressurskrevjande brukarar (- 27 803 000 kr)
- Tilskot for ressurskrevjande brukarar frå Integrerings og mangfoldsdirektoratet (IMDI), uten innslagspunkt (-2 218 400 kr)
- Utgifter til brukarstyrt personleg assistanse, BPA (8 004 000 kr)
- Statstilskot for 25 flyktningar (- 29 794 300 kr)
- Brukarbetalingar (-6 771 000 kr)
- Gjeldande avtaler og samarbeid:
 - NAV Nordfjord samla (14 764 000 kr).
 - Yting til livsopphald/sosialhjelp (9 030 000 kr)
 - Tilsette lønn/drift (4 080 000 kr)
 - Kvalifiseringsprogrammet (1 654 00 kr)
 - Alarmsentralen (1 190 000 kr)
 - Krisesenteret (660 00 kr)
 - Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunal legevakt (1 980 000 kr)
 - Movia:
 - Arbeidretta aktivitetstilbod (2 831 000 kr)
 - Varig tilrettelagt arbeid (1 403 000 kr)

Innsparingstiltak

ADM - Administrative innsparingstiltak - Helse og velferd (år 2-4)

Tiltaket skal samle administrative innsparingar helse og omsorg for å bidra til ei meir effektiv og berekraftig drift i tråd med Gloppen kommune sitt mål om økonomisk balanse i perioden 2026–2029.

Tiltaket omfattar administrative grep som bidreg til og gjev innsparingar utan å vesentleg endre tenestetilbodet til innbyggjarane våre.

Dette skal vi jobbe med for å realisere innsparinga:

- **Oppgåver og prosessar - kartlegging og forbetring (effektivisering/automatisering):**
 - TØRN- Oppgåvegjenomgong, forbetring, kompetansekartlegging og organisering av arbeid og arbeidstid for alle tilsette i sektoren.
 - Rolleforståing av ansvar på alle leiarnivå.
 - Opplæring og kompetanseheving i tråd med funn i TØRN.
 - Ta i bruk forbedringstavle og metodikk på leiarnivå
 - **Mål:** Leiarar og tilsette er sett i stand til å gjere oppgåvene som ligg til sitt ansvar og si rolle, oppgåvene blir utført av tilsett med rett kompetanse og til rett tid. Dette bidreg til å unngå kostnader som bemanningsbyrå og kan redusere utgifter til vikarar og overtid.
- **Interkommunalt samarbeid og kjøp av tenester**
 - Evaluere og vurdere avtaler i tråd med intensjon, måloppnåing og kostnadsutvikling
 - Vurdere reforhandling av avtaler.
 - **Mål:** Sørge for ein mest mogleg effektiv og bærekraftig tenesteyting
- **System:**
 - Ta i bruk endra læringsplattform og kompetansesystem for tilsette.
 - **Mål:** At leiarar er sett i stand til å følg opp og planlegge at tilsette får og tek obligatoriske kurs. Dette bidreg til unngåtte kostnader og kan bidra til å redusere kostnader knytt til kompetanseheving.
- **Innkjøp av abonnement, lisensar og system:**
 - Kritisk gjennomgang av alle abonnement, lisensar og system med formål å kunne ned til eit minimum av det som er naudsynt
 - **Mål:** Redusere kostnader
- **Arbeidsmiljø og nærleing:**
 - Sette måltal for nærvær i kvar teneste/avdeling
 - Leiarane prioritetar nærværarbeid i sine tenester og avdelingar
 - Leiarane prioritetar å arbeide med kommunens program for arbeidsmiljø og arbeidskultur.
 - Etterleve verdiane i sektoren og kommuneleiinga
 - **Mål:** Redusere sjukefråvær og turnover

Tiltaket skal vere forpliktande og rapporterast i tertialrapportane under kapittel «Status – administrative tiltak».

Tiltaket vert samordna med øvrige administrative tiltak i dei øvrige sektorane for å sikre felles retning.

Tiltaket støttar samfunnsplanen sin overordna strategi “I forkant”:

- 3.1.2 - punkt 4: *Utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon, som evner å møte utfordringar og behov på nye måtar. Planlegge langsiktig, og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.*

Politiske vedtak

POL - Redusere mottak av flyktningar

Integreringstilskotet er frie inntekter for kommunane og er eit tilskot som skal kompensere kommunane for meirkostnader ved å ta imot flyktningar. Gloppen kommune har tatt imot mange flyktningar i periodar, men ser at anmodning og faktisk behov har vorte redusert dei seinare åra. I 2025 ligg vi an til å kunne imot 30 som også var det som låg til grunn i budsjettet. Anmodninga for 2026 er no kjent, og det er 25 for Gloppen kommune.

Integreringstilskotet følger utviklinga i talet motekne flyktningar. Tilskotet har gått opp frå 15 mnok i 2020 til 40 mnok i 2024. No er talet flyktningar på veg ned, og det same gjeld tilskotet.

Integreringstilskotet blir budsjettert og inntektsført på busetting og integrering. Det er derimot ikkje berre denne avdelinga som har kostnader forbundet med mottak av flyktningar. Dette har alle sektorane.

I det konsekvensjusterte budsjettet er det lagt til grunn at nivået ligg på 25 flyktningar i 2026. I dette tiltaket legg vi til grunn at mottak av flyktningar vert redusert til 20 frå 2027 og at dette er det nye normalnivået:

I dette tiltaket er framlegget å redusere talet flyktningar i tråd med antatt behov, og skalere ned egne tenester i tråd med dette:

	2025	2026	2027	2028	2029
Mottak av flyktningar	30	25	20	20	20

Dette vil medføre reduksjon i integreringstilskott, som må følgjast av ei tilsvarande nedtrapping på øvrige kostnader:

Område	2026	2027	2028	2029
Reduksjon i integreringstilskot		5	5	5
Reduksjon - årsverk (busetting, GOS, helsestasjon, skule, bhg)		-2,5	-2,5	-2,5
Reduksjon i sosiale tenester		-1,5	-1,5	-1,5
Reduksjon i diverse andre kostnader (tolketenester, forsikring mm.)		-1,5	-1,5	-1,5
Sum	0	-0,5	-0,5	-0,5

Usikkerheit:

- Det er allereie lagt til grunn ein del reduksjon i kostnader på fleire tenester som følgje av at tale flyktningar har vorte redusert dei seinare åra
- Reduksjonen i sosiale tenester består blant anna av tenester frå NAV. Gloppen vil følgje utviklinga, men det er sjølv sagt noko usikkert om den vil følgje utviklinga slik dette tiltaket legg til grunn.
- Det er usikkert om Gloppen kommune i det heile tatt vil få 25 flyktningar i 2026, og kven det er som kjem. Det er forskjell på behov i tenestene ut frå om det er familiar/enslige, samt kva helsetilstand dei er i.
- Gloppen kommune er kjent med at det ligg inne nokre justeringar i rettighetane til flyktningar frå ukraina. Dette er ikkje talfesta korleis denne endringa eventuelt vil påverke Gloppen kommune, men vert løfta her som ein usikkerhet.

Oppsummering:

- Budsjettering av både integreringstilskott og kostnader forbundet med flyktningar er svært usikkert, og det må leggest mange forutsetningar/premiss til grunn.
- Politikken kan sette ei retning ved å velje å ta ned motta av flyktnignar. Det er likevel slik at ei nedtrapping vil ta noko tid, og det er difor tilrådd at nedtrappinga må skje gradvis. Dette er bakgrunnen for at det er ynskjeleg å budjettere med 25 (lik anmodning) i 2026, men samstundes sette i verk intern prosessar som riggar kommunen for ein situasjon der 20 er normalnivået.
- Leiinga i kommunen må følg utviklinga tett. Alle beslutningar som blir tatt i tenester som har mykje kostnader knytt til flyktningar må løftast til leiinga for vurdering i lys av ny kunnskap som blir gjort kjent gjennom 2026. Eksempelvis når vi veit kva flyktningar vi får, og kan sjå om 25 er eit realistisk tal å planlegge vidare med. Dersom det er forhold som skulle tilseie det (vakansar, naturlege avgangar) må ei naturleg nedtrapping vurderast i kvart tilfelle.

POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, ambulerande verksemd (25800)

Nytte rett kompetanse på rett plass. Spare pengar/unngå kostnader.

Ansvar og tiltak som må vurderast for å redusere tenestenivå:

- Miljøarbeidartenesta:
 - Vurdere å halde stillingar midlertidig/permanent vakante - gå med mindre bemanning i periodar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til redusert aktivitet i feriar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til kompetanseutnytting på tvers (høgskule/spesielle fagfelt) for å unngå overtid
 - Vurdere meir fleksibel bruk av tilsette (opplæring på fleire brukargrupper)
 - Vurdere tenestenivå og tenestetilbod på brukarar i heimen og ved base (behov for dagaktivitetstilbud eller støttekontaktordninga)
- Heimetenesta:
 - På Gotatunet er det redusert ei kveldsvakt (kvar dag), som vi no ser går greit med dagens brukargruppe. Vidareføre dette.
 - Vidareføre fokus på stillingar midlertidig/permanent vakante - gå med mindre bemanning i periodar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til kompetanseutnytting på tvers (spesielt i ferieplanegging)
 - Turnusordningar

Risiko:

- Misfornøyde brukarar
- Meir klager/klagehandsaming
- Auka sjukefråvær/auka kostnader
- Kompetansetap og auka turnover
- Auka risiko for uforsvarlige tenester
- Dårlegare arbeidsmiljøforhold

POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, bufellesskap/samløkaliserte omsorgsbustadar (25700)

Nytte rett kompetanse på rett plass. Spare pengar/unngå kostnader.

Ansvar og tiltak som må vurderast for å redusere tenestenivå:

- Miljøarbeidartenesta:
 - Vurdere å halde stillingar midlertidig/permanent vakante - gå med mindre bemanning i periodar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til redusert aktivitet i feriar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til kompetanseutnytting på tvers (høgskule/spesielle fagfelt) for å unngå overtid
 - Vurdere meir fleksibel bruk av tilsette (opplæring på fleire brukargrupper)
 - Vurdere tenestenivå og tenestetilbod på brukarar i heimen og ved base (behov for dagaktivitetstilbud eller støttekontaktordninga)
- Bu og omsorgstenesta:
 - Vurdere å halde stillingar midlertidig/permanent vakante - gå med mindre bemanning i periodar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til redusert aktivitet i feriar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til kompetanseutnytting på tvers (høgskule/spesielle fagfelt) for å unngå overtid
 - Vurdere meir fleksibel bruk av tilsette (opplæring på fleire brukargrupper)
 - Vurdere tenestenivå og tenestetilbod på brukarar i heimen og ved base (behov for dagaktivitetstilbud eller støttekontaktordninga)

Risiko:

- Misfornøyde brukarar
- Meir klager/klagehandsaming
- Auka sjukefråvær/auka kostnader
- Kompetansetap og auka turnover
- Auka risiko for uforsvarlige tenester
- Dårligare arbeidsmiljøforhold

POL - Redusere tenestetilbod - Pleie og omsorg, institusjon (25300)

Nytte rett kompetanse på rett plass. Spare pengar/unngå kostnader.

Ansvar og tiltak som må vurderast for å redusere tenestenivå:

Under er nokre aktuelle tiltak.

- Miljøarbeidartenesta:
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til ferieavvikling (unngå overtid- forskyving)
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til kompetanseutnytting på tvers (høgskule/spesielle fagfelt) for å unngå overtid
 - Vurdere meir fleksibel bruk av tilsette (opplæring på fleire brukarar og brukargrupper)
- Bu og omsorgstenesta:
 - Vurdere å halde stillingar midlertidig/permanent vakante - gå med mindre bemanning i periodar
 - God turnus/bemanningsplanlegging knytt til Kompetansebehov og kompetanseutnytting på tvers i tenesta,(høgskule/spesielle fagfelt) for å unngå overtid.

Risiko:

- Misfornøyde brukarar
- Meir klager/klagehandsaming
- Auka sjukefråvær/auka kostnader
- Kompetansetap og auka turnover
- Auka risiko for uforsvarlige tenester
- Dårligare arbeidsmiljøforhold

Samfunn og berekraft

Innleiing

Budsjettet for 2026 inneheld ingen større endringar i tenesteleveranse. Tal årsverk og tilsette er stabilt med nokre endringar knytt til pensjonsavgang og foreldrepermisjonar. Sektoren jobbar kontinuerleg med effektiviseringstiltak, og dette har gitt god effekt - spesielt innanfor reinhald som utgjer ein tredel av årsverka.

Stadige forbetringar i resten av sektoren gir førebels mindre effekt på budsjett og rekneskap, noko som skuldast at sektoren er pålagt svært mange arbeidsoppgåver som tek tid å implementere. Effektiviseringa skuldast hovudsakleg at vi løyser fleire oppgåver med betre kvalitet. Tilsyn med byggesak og spreidde avløp, oppfølging av ureining, klimabudsjettering og feiing av fritidsbustader er døme på teneste der det er gjort framskritt, men der det framleis er rom for forbetringar.

Beskriving av verksemda i dag

Ansvarsområder og årsverk som ligg til grunn for budsjettet:

- 40 - Samfunn og berekraft (66,15 årsverk)
 - 4000 - Samfunn og berekraft - stab (0 årsverk)
 - 4100 - Kommunalteknikk (9,1 årsverk)
 - 4200 - Landbruk (4,9 årsverk)
 - 4300 - Brann og redning (2,3 årsverk)
 - 4400 - Eigedom (28,7 årsverk)
 - 4500 - Plan, byggesak og oppmåling (5,4 årsverk)
 - 4600 - Tilsynssamarbeid spreidde avløp og byggesak (7 årsverk)
 - 5000 - Kultur (9,6 årsverk)
 - 5000 - Kultur (1,8 årsverk)
 - 5100 - Gloppen Folkebibliotek (2,7 årsverk)
 - 5300 - Trivselshagen Kulturhuset (3,1 årsverk)
 - 5400 - Trivselshagen bad og idrett (2,2 årsverk)

Detaljert beskriving av sektoren

Samfunn og berekraft:

Samfunn og berekraft i kommunen femner om ei rekkje teneste og mange fagområde. Eigedom, veg, vatn og avløp, byggesak, oppmåling og brannberedskap er tekniske tenester. I tillegg tilhøyrer også arealplanlegging, samfunnsplanlegging, landbruk og kultur med bibliotek, bad og idrett og kulturhus, dette kommuneområdet.

Sektoren forvaltar store verdier knytt til kommunal infrastruktur og eigedomsmasse. For å sikre og utvikle desse verdiane, treng kommunen fagpersonell med rett kompetanse til drift, vedlikehald og prosjektstyring. Investeringsane og vedlikehaldet påverkar kommunen sitt driftsbudsjett.

Einskilde administrative oppgåver er også lagt til Samfunn og berekraft. Innkrevjing av eigedomsskatt og oppdatering av VA-gebyr er døme på dette.

Kommunalteknikk

Kommunalteknikk har ansvaret for å levere tenester for veg, park/torg/idrett, vatn og avløp til store deler av kommunen. Kommunen driftar 120 km veg - fordelt på 93 km med fast dekke og 27 km med grusveg. Sommarvedlikehaldet på vegane blir utført av eigne tilsette, medan det meste av vinterdrifta er basert på innleige av entreprenørar som utfører brøyting og strøing. Desse oppdraga er fordelt på 15 ulike rodar. Tenesta driftar fleire park- og idrettsanlegg, kommunale område i Sandane sentrum og mange større og mindre grøntområde i kommunen. Tenesta har ansvaret for å drifte 5 vassverk, 3 avløpsreinseanlegg og tilhøyrande leidningsnett. Vatn og avløp er sjølvkostfinansvert, og utgjer den største delen av budsjettet til kommunalteknikk. Innanfor sjølvkostområda skal kommunen sine gebyrinntekter og kostnader balansere.

Landbruk

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad har ansvar for jord-, skog- og utmarksforvaltninga i begge kommunane. I tillegg til rettleiing, forvaltar landbrukskontoret lovverket og ulike tilskot innan desse fagfelta. Døme på dette er produksjons- og avløyartilskot, søknad om bygging av skogsvegar og hjorteforvaltning. Ureining og miljø i landbrukssaker vert også følgd opp av landbrukskontoret. Landbrukskontoret sender ut 4 nyhendebrev i året, og har generelt tett og god kontakt med næringa. Landbrukskontoret har personell med høg kompetanse innan fagfelta. Gloppen er vertskommune for samarbeidet. Tidlegare har det vore tilsette med arbeidsoppgåver knytt til samarbeidet i begge kommunar, men no har alle tilsette oppmøtestad på Sandane.

Brann og redning

Brann og redning har ansvar for førebygging og beredskap mot brann og ulykker. Førebygging omfattar feiing, bustadtilsyn og opplysningsarbeid. I 2022 vart Gloppen kommune med i vertskommunesamarbeidet for brannførebygging saman med Stad og Stryn. Stryn er vertskommune. I tråd med dimensjoneringsforskrifta, er det 3 årsverk knytt til dette samarbeidet. Feietenesta er sjølvkostfinansiert, og er ikkje del av vertskommunesamarbeidet. I løpet av 2026 har vi mål om å tilsette ein ny brannførebyggjar fordi det er krav om at vi også skal feie i fritidsbustadar.

Beredskap mot brann og ulykker omfattar arbeid knytt til brannvesen, oljevernberedskap og anna beredskapsarbeid. Ein del utgifter som er knytt til kommunal beredskap, ligg også i denne delen av budsjettet. Aktiviteten i tenesta er styrt av ulike hendingar som oppstår gjennom året. I tillegg blir det gjennomført faste øvingar. I Gloppen har vi deltidsbrannvesen med brannstasjonar i Hyen, på Byrkjelo og på Sandane. Om lag 40 brannkonstablar er tilsette på deltid.

Eigedomsdrift

Eigedomstenesta har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for heile bygningsmassen til Gloppen kommune. Dette inkluderer reinhald, vaktmeistertenester, drift av uteområde, teknisk styring, innleige/utleige og eigedomsforvaltning. Kommunale investerings- og vedlikehaldsprosjekt knytt til bygg vert gjennomført av avdelinga.

Nokre nøkkeltal:

- Ca 45.000 m2 fordelt på 70 bygg
- Ca 33.000 m2 oppvarma areal i formålsbygg (skular barnehagar, kommunehus og helse- og omsorgsbygg)
- Reinhold av golv på ca. 31.000 m2 (28.000 m2 eigne bygg og ca. 3.000 m2 leigelokale)
- FDV vert utført av 6 årsverk vaktmeistarar og 20 årsverk reinholdarar
- Eigen tenesteleiar

Plan, byggjesak og oppmåling

Plan, byggjesak og oppmåling har forvaltningsoppgåver etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova, og handsaming av utsleppsløyve etter ureiningslova. Rettleiing, sakshandsaming og sjølvkostområde innanfor kvart av fagfelta inngår i dette. I tillegg utarbeider og handsamar tenesta kommunale og private reguleringsplanar og kommuneplan (samfunnsdel og arealdel). Planavdelinga ivaretek sekretærfunksjonen for råda. Tenesta har 5 tilsette med brei fagkompetanse, og dei tilsette jobbar både sjølvstendig og tverrfagleg.

Tilsynssamarbeid for spreidde avløp og byggjesak

Frå 2024 vart Gloppen vertskommune for felles tilsyn med spreidde avløp og byggjesak. Kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn er med i samarbeidet. Etter lova skal kommunane føre tilsyn med desse områda. Med unntak av i Kinn, har ikkje dette blitt utført i tilstrekkeleg grad tidlegare i dei kommunane som inngår i samarbeidet. Spreidde avløp er mindre avløp som ikkje er knytt til offentleg avløp. Dette er utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter, turistverksemdar og liknande, og som har eit utslepp som er lågare enn 50 PE (personekvivalentar). Desse vert regulert av kap. 12 i ureiningsforskrifta. I verkeområdet til det nye tilsynet, er der om lag 8.000 slike utsleppspunkt. Tilsynet skal også føre tilsyn med byggjesaker for å etterprøve at tiltaka er i samsvar med byggjeløyvet, lovverket og anna regelverk. Tilsynet er lokalisert i leigde lokal i sentrum av Sandane (2. etasje i Bankbygget), og samarbeider tett med administrasjonen i medlemskommunane.

Kultur

Kultur har ansvar for kultursaker som planarbeid, kulturminneforvaltning, aktivitetar for barn, unge og funksjonshemma, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, deltaking i samskappingsprosjekt, søknad om eksterne tilskotsmidlar, fordeling av kommunale kulturmidlar, spelemiddelsøknadar, heidersprisar, stadnamnsaker, turstiar og friluftsliv. Til å løyse desse oppgåvene har vi kultursjef i full stilling og kulturmedarbeidar i halv stilling. Sektoren nyttar seg dels også av felles planressursar i kommuneadministrasjonen.

Kultursektoren si viktigaste oppgåve er å legge til rette for eit levande, mangfaldig og inkluderande kultur-, idretts- og friluftsliv i kommunen. TH Eigedom IKS eig anlegget Trivselshagen. TH Eigedom IKS er eigd 50/50 av Gloppen kommune og Vestland fylkeskommune. Bruk og utvikling av anlegget skjer gjennom eit samarbeid mellom kommunen, fylkeskommunen/Firda vgs og TH Eigedom IKS.

Kulturavdelinga har frå 2024/25 ansvar for handsaminga av spelemiddelsøknadar.

Folkebiblioteket

Folkebiblioteket i Gloppen er ein viktig del av den demokratiske infrastrukturen vår. Biblioteket er ope, inkluderande og tilgjengeleg for refleksjon, debatt, opplysning og kunnskap. Biblioteket samarbeider tett

med mange kommunale teneste som til dømes skular og barnehagar, og ulike lag og organisasjonar. I 2022 etablerte vi meirope bibliotek som gir innbyggjarane tilgang til biblioteket frå 07 – 23 kvar dag. Dette har blitt eit populært tilbod. Biblioteket er også skulebibliotek for Firda vgs, og meirope har gitt elevane tilgang til ein attraktiv studie- og møteplass.

Trivselshagen bad og idrett

Trivselshagen bad og idrett skal fremje god folkehelse, integrering og samhandling for innbyggjarane i kommunen. Det skal vere ein inkluderande møteplass som legg til rette for skular, organisert- og eigenorganisert aktivitet. Vi jobbar aktivt for å utnytte anlegget sitt potensiale og få fleire i aktivitet. Idrettsanlegget har treningssenter, klatrevegg, turnhall og 4 handballflater som er opne kvardagar. Badeanlegget er ope alle dagar med unntak av måndagar. BUA er lokalisert i Trivselshallen. Dette er eit utstyrslager der alle kan låne aktivitets-/sportsutstyr gratis.

Kulturhuset Trivselshagen

Kulturhuset Trivselshagen omfattar kultursal, kino og kafé. Huset er ope frå 07 - 23, og er ein open møteplass. Mange lokale kulturaktørar nyttar kultursalen til framføring av førestillingane sine, og vi har eit entusiastisk publikum som gjerne møter opp. Kultursalen er fast spelestad for Riksteateret. Dette gjev innbyggjarane i Gloppen teaterframsyningar med høg kvalitet. Roseklubben brukar kulturhuset som møtestad kvar måndag. Det blir vist kino både vekedagar og helg. Kinodrifta opplever aukande konkurranse med strøymetenestene folk har tilgjengelege i heimane sine. Samanlikna med 2019 er kinobesøket nesten halvert, men vi ser framleis at storfilmar med kjende skodespelarar trekkjer folk til kino.

Kaféen er elevkantine for Firda vgs, og er open også for andre som besøker kulturhuset. I 2023 utarbeidde kommunen saman med Firda vgs og TH eigedom ei prosjektskisse for oppgradering av foajéen og kaféområdet slik at dette lokalet også skal kunne nyttast til mindre konsertar/førestillingar. Dei største kostnadane vil vere knytt til ny møblering og akustikktiltak. Prosjektet er framleis ikkje realisert, og det vil bli søkt om tilskotsmidlar til dette.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett	48 054	48 054	48 054	48 054
Sum Tekniske justeringar	5 646	5 646	5 646	5 646
Sum Løns- og prisvekst	620	620	620	620
Konsekvensjusteringar	6 266	6 266	6 266	6 266
Konsekvensjustert ramme	54 320	54 320	54 320	54 320
Innsparingstiltak				
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av varebilar	-100	-150	-150	-150
ADM - Innsparing og inntektsauke kultur, bad og idrett	0	-150	-300	-300
ADM - Justering av vertskommuneavtale landbruk	0	-200	-200	-200
ADM - Kutt i vedlikehald og byggtjenester kommunalteknikk	-200	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-300	-700	-850	-850
Politiske vedtak				
POL - Kjøp av plan - Lokal transportplan - vegteknisk plan	300	0	0	0
POL - Ta ned kapasitet på planarbeid - 1 årsverk står vakant/fylt av vikar	-480	-960	-960	-960
Sum Politiske vedtak	-180	-960	-960	-960
Nye tiltak og realendringar	-480	-1 660	-1 810	-1 810
Ramme 2026-2029	53 840	52 660	52 510	52 510

Samandrag budsjett

Konsekvensjustert budsjett:

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad synleggjere konsekvensane av å oppretthalde noverande aktivitet/teneste/tenestenivå, justert for venta pris-/løns-/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden frå 2026 inkluderast i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal med andre ord synleggjere dei budsjettmessige konsekvensane av uendra politikk, og danne grunnlag for å vurdere omprioriteringar. Budsjettering blir gjort med fleire usikre faktorar, og det er lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekt vurdering av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane som er bruk for vurderingane skal leggjast fram, slik at det i størst mogleg grad vert synleggjort kva handlingsrom som er tilgjengeleg innanfor dei ulike sektorane og kvar dei største usikkerheitene ligg.

Hovudpremissane bak det konsekvensjusterte budsjettet i sektoren Samfunn og berekraft:

- Berekna lønsoppgjer i 2026 er lagt på sentralt ansvar 9000, og vil bli fordelt ut i løpet av 2026.
- Det er lagt inn ei auke på 1 årsverk på planavdelinga i konsekvensjustert budsjett, men lagt fram tiltak om å ta denne vekk. Ressursen er naudsynt for å kunne gjennomføre planarbeid i tråd med vedteken planstrategi.
- Budsjettet på straum er lagt på same nivå som prognosen for 2025 syner. Det er usikkerheit knytt til straumprisar etter at ny 400 kV linje over Sognefjorden vart sett i drift denne hausten.
- Det er budsjettert med midlar til normale beredskapshendingar, men ikkje større hendingar med stor menneskapsinnsats
- Det er lagt til grunn normal aktivitet i bygge- og anleggsnæringa i framskriving av gebyrinntekter
- Sal av billetter til kultur og idrett er framskrive på nivå med 2025
- Kurs- og opplæringsbudsjettet som ligg i det konsekvensjusterte er lagt på eit minimum, og det blir naudsynt med løpande prioriteringar innanfor sektoren.

Detaljert informasjon per tenesteområde:

Samfunn og berekraft

Det er budsjettert med kr. 800.000 til re-taksering av næringseigedommar for oppdatering av grunnlaget for eigedomsskatt. Kostnaden med taksering er svært usikker. Kommunen kan re-taksere kvart tiande år (må gjerast i løpet av 2026). Det må nyttast eksterne ressursar til takseringa, men det vil også krevje eit større arbeid av tilsette og den kommunale takstnemnda.

Kommunalteknikk

Det vart sett av eit halvt årsverk til bilansvarlig for drift av kommunen sine tenestebilar frå 2025, og inngått avtale med Movia som leverer tenestene til kommunen. Målet med ordninga er å frigjere tenesteleiarar frå ansvaret, og at ein bilansvarleg med teknisk kompetanse, venteleg vil føre til færre reparasjonar og betre forvaltning av bilparken. Ordninga blir vidareført i 2026, og i løpet av året skal det evaluerast om ansvaret og alle kostnader knytt til tenestebilar skal flyttast frå tenesteleiarane til ein sentral ressurs.

Budsjettet til kommunale vegar er redusert for å spare kostnader. Det er framleis stort etterslep i vedlikehaldet av dei kommunale vegane. Dette vil bli spesifisert i Vegteknisk plan som skal utarbeidast.

Driftsbudsjettet til dei kommunale vegane er framleis på eit minimum, og dette må sjåast i samanheng med omfanget på investeringsbudsjettet.

Kommunale avgifter for vatn og avløp vil, med unntak av forbruksavgifta for vatn og avløp, ikkje auke i 2026. Årsaka til dette er at meirverdiavgifta er redusert frå 25 til 15 prosent. I tillegg er maksimal nedskrivingstid for VA-prosjekt auka frå 40 til 80 år.

Landbruk

Gloppen er vertskommune for felles landbrukskontor for Gloppen og Stad. Driftsnivået frå 2025 vert vidareført. Ein rådgjevar vart pensjonist i slutten av 2024. Stillinga stod vakant første halvdel av 2025, og behovet vart delvis løyst gjennom pensjonistavtale. Kommunen har fått på plass avtale med fire veterinærar om deltaking i veterinærvaktordninga som skal gi god stabilitet framover.

Brann og redning

Beredskap mot brann og ulykker vert vidareført på same nivå som inneverande år. Det skal utarbeidast ein beredskapsanalyse som vil fastsette rett beredskapsnivå for tida framover. Dette kjem som følge av eit lovkrav, og analysen skal leggjast til grunn for bemanning, vaktordningar og investeringar i åra som kjem. Rekneskapen for beredskap blir direkte påverka av hendingar tenesta må handtere gjennom året.

Vi vil i løpet av 2026 starte med feiing og tilsyn av fritidsbustader. Spesielt dei første åra vil det medføre auka ressursbruk, men også auka inntekter frå fritidsbustadene. Kalkulert behov for feiar over tid, er 1,7 årsverk. Fram til vi har tatt igjen feiing på alle fritidsbustadene, er behovet større. Vi planlegg å tilsette ein andre feiar i 2026, og det vil medføre ein del oppstartskostnader til bil og utstyr. Feiing er sjølvkostområde med 100% dekningsgrad.

Eigedom

Budsjettet er i hovudsak vidareført på same nivå som tidlegare. Vi arbeider systematisk med effektivisering av reinhald ved å gjennomgå vaskefrekvens og ta i bruk vaskerobotar. Effektiviseringa er foreløpig ikkje synleg i budsjettet, fordi eigedomsdrift samtidig har teke over areal som tidlegare har blitt reingjort av dei tilsette på avdelingane. Vi held eit større areal reint med same bemanninga.

Det vert kontinuerleg gjennomført ENØK-tiltak, og kommunen sitt straumforbruk går ned. Likevel er dette ein post det viser seg vanskeleg å budsjettere rett. Vi ventar også i åra framover at straumforbruket skal gå ned, men venta straumpris tilseier at den totale straumkostnaden vil auke i 2026.

Kostnadar knytt til leige av lokale/grunn og festavgifter, er postar som vi både i 24 og 25 har underbudsjettert. Vi har gjort ein grundig gjennomgang av dei reelle kostnadene, og har budsjettert med ein auke i kostnader inkludert indeksregulering på om lag 1 million.

Kostnader knytt til vedlikehald og byggjeteneste er auka noko fordi kostnadar til både materiell og tenester har auka mykje dei siste åra, og ein del bygg og installasjonar krev ekstra vedlikehald.

Plan, byggesak og oppmåling

Konsekvensjustert budsjett har innarbeidd ein auke i planressurs for å oppfylle vedteken planstrategi, og oppfølging av gjeldande planar. Dette vil ikkje bli effektivisert dersom kommunestyret vedtek innsparingstiltaket "redusert kapasitet til utarbeiding av plan og klimabudsjett". Konsekvensen av dette

innsparingstiltaket vil eventuelt bli at fleire planoppgåver vedtekne i planstrategien, ikkje kan gjennomførast som planlagt. Frå 2024 vart ansvaret for innkreving av eigedomsskatt overført til avdelinga fordi vi ser effektiviseringspotensial med ei samordning med byggjesak og oppmåling. Grunna redusert bemanning på plan, som igjen får utslag på leiarressursen, er endringa framleis ikkje effektivisert.

Gloppen er vertskommune for felles tilsyn med byggjesak i Nordfjord og Kinn. Inntil 20 % av gebyrinntektene frå byggjesak skal dekkje kommunen si tilsynsverksemd og oppfølging av lovbrøt. Nasjonalt er det venta nedgang i nye byggjesaker, men nivået held seg relativt stabilt i Gloppen. Byggjesaksgebyret vart auka markant før 2025, og vert vidareført med om lag normal prisstiging. Driftsnivå og anslått dekningsgrad på sjølvkost for oppmåling og behandling av private planforslag, vert vidareført på same nivå som tidlegare.

Tilsynssamarbeidet

2026 blir første heile året med normalt driftsnivå for tilsynssamarbeidet. Det er budsjettert med 7 årsverk fordelt på tilsyn med byggjesak og tilsyn med spreidde avløp. Tilsynet skal vere sjølvkostfinansiert, og alle kostnadene skal dekkjast inn gjennom byggjesaks- og tilsynsgebyr. Deltakarkommunane er ansvarlege for gebyrinnkrevjinga i eigne kommunar. Gloppen kommune sin del av kostnaden dekkast gjennom gebyr frå eigedommar med spreidde avløpsanlegg og gebyr frå byggjesakshandsaming.

Kultur

Budsjettet for kultur er fordelt på fire ulike ansvarsområde. Det er strame budsjetttrammer til forvaltning og utvikling av tenestene.

Gloppen folkebibliotek ønskjer å styrke formidling og midlar til mediekjøp, men det har ikkje vore rom for dette i budsjetta dei siste åra. Biblioteket merkar at elevtalet på Firda vgs har gått ned, og dette fører til mindre inntekter frå sal av tenester for biblioteket. Dette fekk full effekt frå 2025, og er lagt til grunn for 2026.

Ideelt sett skulle ein sett at Trivselshagen bad og idrett kunne halde prisnivået nede for å få flest mogleg born og unge i aktivitet. Kommunen skal hindre utanforskap, og fremje inkludering og integrering gjennom aktivitetstilboda våre. Dersom idrettsanlegget vert meir tilgjengeleg, er dette truleg ei god "investering" i folkehelsa. Kommuneøkonomien inneber at dette ikkje er mogleg.

Dersom ein ser bort frå høge husleigekostnader (leige til TH Eigedom IKS), går drifta av resepsjon, kiosk og løn til tilsette, med overskot. Dette inkluderer også badevakttenestene som kommunen finansierer åleine.

Kulturhuset leverer eit breitt tilbod. Ein er avhengig av eldsjeler og gode arrangørar som står for ulike arrangement gjennom året. Bruken av kulturhuset har auka igjen etter pandemien. Innteningskravet påverkar breidda i tilboda, og få tilsette gjer drifta sårbar.

Det er budsjettert med kulturmidlar til fordeling blant lag og organisasjonar og overføring til museet. Kommunen søker eksterne tilskot, og fordeler midlar knytt til Den kulturelle skulesekken (grunnskule), Den kulturelle spaserstokken (eldre), Lokal transport for unge og til drift av BUA. Samskapings- og utviklingsprosjekt er basert på tilskotsmidlar, der kommunen sine lønskostnader inngår som den kommunale delen av finansieringa.

Innsparingstiltak

ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av varebilar

Eigedomsavdelinga har nokre store varebilar (VW Transporter) som er relativt gamle og har store driftskostnader. Det er ikkje behov for så store og dyre bilar og desse kan seljast på bruktmrkaden. Det er ønske om å erstatte desse med nye, mindre og elektriske varebilar for å redusere driftsskostnadane. Innsparinga krev investering.

ADM - Innsparing og inntektsauke kultur, bad og idrett

Nytt billettsystem i bad og idrett er forventat å gi meirinntekt på grunn av moglegheit for månadsbetaling og arbeid for å ta i bruk heile anlegget. Moglegheit for nettbetaling kan gi moglegheit for å redusere tal timar med bemanna resepsjon.

Betre samkøying mellom bibliotek og kantine/kino/kulturhus med avgrensa bemanning

ADM - Justering av vertskommuneavtale landbruk

Gjeldande vertskommuneavtale for landbruk gir ikkje moglegheit til å fakturere leige av kontorlokale. Dette var truleg gjort fordi det på avtaletidspunktet var tilsette med kontorplass i begge kommunar. Det er ikkje lenger tilfelle. Det skal forhandlast fram revisjon av avtalen i 2026

Politiske vedtak

POL - Ta ned kapasitet på planarbeid - 1 årsverk står vakant/fylt av vikar

Plan, byggjesak og oppmåling har etter naturleg avgang og foreldrepermisjon hatt redusert bemanning knytt til plan og utviklingsarbeid i 2024 og 2025. For å levere dei plan- og utgreiingsoppgåver som er vedteke i gjeldande planverk, samt nye krav og oppgåver må bemanninga tilbake til 2023-nivå. Planstrategien har vedteke at vi skal lage ny samfunnsdel i samband med ny planstrategi etter valet i 2027. Det er planlagt å nytte interne ressursar til arbeidet med oppstart hausten 2026. Vakant stilling er lagt inn i konsekvensjustert budsjett, men innsparingstiltaket vil reversere dette. Tiltaket får halvtårs-effekt i 2026 på grunn av avvikling av foreldrepermisjon.

Tiltak som ikkje er teke med i økonomiplanen

Beløp i 1000

	Prioritet	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
KONS - Planlagt netto bruk av/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4)	1	0	-1	-1	-1
POL - Kjøp av plan - Kommunedelplan for naturmangfald	1	800	0	0	0
POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for Byrkjelo sentrum	1	0	1 000	0	0
POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for eksisterande bustadområda rundt Sandane	1	500	0	0	0
POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for Øyrane inkludert kvikkleirevurdering	1	0	1 000	0	0
POL - Kjøp av plan - Plan for kartlegging og vern mot naturfare	1	0	500	0	0
Sum		1 300	2 499	-1	-1

Beskriving

KONS - Planlagt netto bruk av/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4)

POL - Kjøp av plan - Kommunedelplan for naturmangfold

POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for Byrkjelo sentrum

POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for eksisterande bustadområda rundt Sandane

POL - Kjøp av plan - Områdereguleringsplan for Øyrane inkludert kvikkleirevurdering

POL - Kjøp av plan - Plan for kartlegging og vern mot naturfare

Fellespostar utanom kommunalområda

Beskriving av verksemda i dag

“Fellespostar utanom kommunalområda” består av postar som inngår i budsjettskjema 1 B (tenesteytinga), men som ikkje ligg i dei andre kommunalområda. Til dømes ligg tilskot til Fellesrådet, avskrivingar, premieavvik og pot til lønsjustering 2026 budsjetttert på dette området.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett	47 457	47 457	47 457	47 457
Sum Tekniske justeringar	-5 184	-5 184	-5 184	-5 184
Sum Løns- og prisvekst	-21	-21	-21	-21
Konsekvensjusteringar	-5 204	-5 204	-5 204	-5 204
Konsekvensjustert ramme	42 252	42 252	42 252	42 252
Innsparingstiltak				
KONS - Auke i eigedomsskatt på næring etter retaksering i 2026 ved 7 promiller i skattesats	0	-4 200	-4 200	-4 200
KONS - Utbyte Gloppen Energi (2 / 3.8 / 4.6 / 4.6)	0	-1 800	-2 600	-2 600
Sum Innsparingstiltak	0	-6 000	-6 800	-6 800
Nytt tiltak				
KONS - Havbruksfondet (4 / 1.5 / 4 / 1.5)	0	2 500	0	2 500
KONS - Netto finans (80 % inv grad, likv effekt skatt, rentebane til KBN)	0	750	800	900
Sum Nytt tiltak	0	3 250	800	3 400
Politiske vedtak				
POL - Administrative innsparingstiltak - Fellesrådet	-100	-150	-200	-250
Sum Politiske vedtak	-100	-150	-200	-250
Nye tiltak og realendringar	-100	-2 900	-6 200	-3 650
Ramme 2026-2029	42 152	39 352	36 052	38 602

Samandrag budsjett

Konsekvensjustert budsjett:

Det konsekvensjusterte budsjettet skal i størst mogleg grad synleggjere konsekvensane av å oppretthalde dei aktivitetane/tenestene/tenestenivåa vi har i dag, justert med forventa pris/løn/deflatorjustering. I tillegg skal politiske vedtak med økonomisk konsekvens for perioden frå 2026 inkludert i det konsekvensjusterte budsjettet. Det konsekvensjusterte budsjettet skal med andre ord synleggjere dei budsjettmessige konsekvensane av uendra politikk, og danne grunnlag for å vurdere omprioriteringar. Budsjettering blir gjort med fleire usikre faktorar, og det er lagt vekt på budsjettet skal basere seg på mest mogleg korrekt vurdering av dei enkelte ansvarsområda sine framtidige utgifter og inntekter. Hovudpremissane som er bruk for vurderingane skal leggjast fram, slik at det i størst mogleg grad vert synleggjort kva handlingsrom som er tilgjengeleg innanfor dei ulike sektorane og kvar dei største usikkerheitane ligg.

Hovudpremissane bak det konsekvensjusterte budsjettet på Fellepostar untaom kommunalområda:

- Tilskot til Gloppen Kyrkjelege fellesråd (6 721 208 kr) som består av 6 441 208 i deflatorjustert driftstilskot + 280 000 kr i investeringstilskot. Merk at det også er lagt inn eit ADM - Innsparingstiltak på Fellestrådet slik at det i økonomiplanen ligg eit framlegg om at også Fellestrådet må jobbe for å finne slike innsparingstiltak i 2026 (-100 000 kr), 2027 (-150 000 kr), 2028 (-200 000 kr) og 2029 (-250 000 kr).
- På dette området ligg kommunen sine samla avskrivingskostnader (32.8 mnok) Disse har ein motpost som framgår av skjema 1-A, og soleis vert ikkje dette belasta driftsrekneskapen samla sett.
- Det er lagt til grunn ein gjennomsnittleg lønsauke på 4 % frå 2025 til 2026 (statsbudsjettet for 2026), samt eit overheng på 1%. Dette gjev ei rest ramme på 3 % og eit påslag på 4,5 %. Ettersom lønsjusteringa vert gjort frå 1.5.2026 er løn og sosiale kostnader justert med 3,0 % (4,5 % / 12 * 8 mnd.). Lønsoppgjøret for 2026 er på bakgrunn av dette berekna til 10,8 mnok + sosiale kostnader. Dette er budsjettert samla her, og vil bli fordelt ut iløpet av 2026.
- Premieavviket er justert slik at totale sosiale kostnader er i tråd med forventa utvikling i pensjonskostnader. Kostnaden ligg no på nytt nivå etter innføring av pensjonsordninga AFP Livsvarig. Nivået på rammetilskotet er også auka for å finansiere auke i pensjonskostnader.